



Ot.prp. nr. 45

(2003–2004)

Om lov om endringar i lov 21. juli 1916
nr. 2 om vidners og sakkyndiges
godtgjørelse m.v. og i straffeprosesslova

Innhold

1	Hovudinnhaldet i proposisjonen .	5	6.2.4.3	Høyringsinstansane sitt syn	22
			6.2.4.4	Departementet sitt syn no	23
2	Bakgrunnen for lovforslaga	6	6.2.5	Rett til å klage på påtalevedtak	23
2.1	Dei pårørande sin situasjon	6	6.2.5.1	Gjeldande rett	23
2.2	Hovudpunktata i høyringsnotatet	6	6.2.5.2	Høyringsnotatet	24
2.3	Oppfølginga av utgreiinga Kontradiksjon og verdighet (Rapport 2002)	6	6.2.5.3	Høyringsinstansane sitt syn	24
2.4	Høyringa	7	6.2.5.4	Departementet sitt syn no	24
			6.2.6	Moglegheit til å påleggje den sikta eller andre å forlate rettssalen når den pårørande blir avhøyd som vitne	24
3	Statistikk	9	6.2.6.1	Gjeldande rett	24
4	Generelt – bør dei pårørande få utvida rettar i straffesaka?	10	6.2.6.2	Høyringsnotatet	25
4.1	Gjeldande rett	10	6.2.6.3	Høyringsinstansane sitt syn	25
4.2	Forslaget i høyringsnotatet	10	6.2.6.4	Departementet sitt syn no	25
4.3	Høyringsinstansane sitt syn	10	6.2.7	Andre rettar?	25
4.4	Departementet sitt syn no	11	7	Forholdet til utvida rettar for den fornærma	27
5	Kven bør få nye rettar?	12	8	Forholdet til målet om hurtigare handsaming av straffesaker	28
5.1	Forslaget i høyringsnotatet	12		Innleiring	28
5.2	Høyringsinstansane sitt syn	12		Høyringsnotatet	28
5.3	Departementet sitt syn no	14	8.1	Høyringsinstansane sitt syn	28
			8.2	Departementet sitt syn no	28
6	Kva for rettar bør foreldra få?	16	8.3	Økonomiske og administrative konsekvensar	30
6.1	Økonomisk godtgjersle til foreldre som følgjer straffesaka	16	8.4		
6.1.1	Gjeldande rett	16	9	Merknader til lovutkastet	31
6.1.2	Høyringsnotatet	16	10.1	Merknader til endringar i lov 21. juli 1916 nr. 2 om vidners og sakkyndiges godtgjørelse m.v.	31
6.1.3	Høyringsinstansane sitt syn	16		Merknader til endringar i straffeprosesslova	31
6.1.4	Departementet sitt syn no	16	10.2	Merknader til føresegna om iverksetjing og overgangsreglar	33
6.2	Straffeprosessuelle rettar	16	10.3	Merknader til føresegna om iverksetjing	33
6.2.1	Generelt om pårørande sine rettar ...	16		Merknader til overgangsreglane	33
6.2.2	Pårørande sin rett til advokat	17	10.3.1		
6.2.2.1	Gjeldande rett	17			
6.2.2.2	Høyringsnotatet	18			
6.2.2.3	Høyringsinstansane sitt syn	18			
6.2.2.4	Departementet sitt syn no	19			
6.2.3	Underretning til foreldre	20	10.3.2		
6.2.3.1	Gjeldande rett	20			
6.2.3.2	Høyringsnotatet	20			
6.2.3.3	Høyringsinstansane sitt syn	20			
6.2.3.4	Departementet sitt syn no	21		Forslag til lov om lov om endringar i lov 21. juli 1916 nr. 2 om vidners og sakkyndiges godtgjørelse m.v. og i straffeprosesslova	34
6.2.4	Rett til dokumentinnsyn	21			
6.2.4.1	Gjeldande rett	21			
6.2.4.2	Høyringsnotatet	21			



Ot.prp. nr. 45

(2003–2004)

Om lov om endringar i lov 21. juli 1916 nr. 2 om vidners og sakkyndiges godtgjørelse m.v. og i straffeprosesslova

*Tilråding frå Justis- og politidepartementet av 26. mars 2004,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Bondevik II)*

1 Hovudinhaldet i proposisjonen

Justisdepartementet gjer i denne proposisjonen framlegg om endringar i lova om godtgjersle til vitne og sakkunnige og i straffeprosesslova. Føremålet med forslaga er å styrke og synleggjere den rettslege stoda for einskilde pårørande i saker der barn er døde som følgje av ei straffbar handling.

Departementet foreslår at reglar i lov 21. juni 1916 nr. 2 om vidners og sakkyndiges godtgjørelse, og skal omfatte foreldre som følger hovudforhandlinga i straffesaker der barn er døde som følgje av ei straffbar handling. Forslaget inneber at foreldra kan få dekt reiseutgifter etter reiseregulativet i staten, samt at retten kan tilkjenne foreldre dekning for dokumenterte utlegg og tapt arbeidsforteneste så langt det er rimeleg. Med foreldre meinast i denne samanhengen den som har foreldreansvaret etter barnelova. Er det ingen som har foreldreansvaret, får etter forslaget verja retten til godtgjersle.

I straffesaker der barn er døde som følgje av ei straffbar handling, foreslår departementet vidare at

den same personkrinsen får nokre nye og uttrykkjelge straffeprosessuelle rettar:

For det første foreslår departementet at foreldra får ein klår rett til bistandsadvokat dersom dei ynskjer det, og uavhengig av om dei fremjar borgarlege krav i saka eller ikkje.

For det andre foreslår departementet at påtalemakta påleggjast ein uttrykkjelge plikt til å underrette foreldra om at tiltale er teken ut i saka.

For det tredje foreslår departementet at foreldra får den same retten til dokumentinnsyn som ein fornærma har.

Endeleg foreslår departementet at retten får moglegheit til å påleggje den sikta eller andre å forlate rettssalen når foreldra forklarer seg – sjølv om det er grunn til å tru at vitnet i alle høve vil gje ei forklaring utan etterhald.

Departementet har vedteke å setje ned eit utval til å sjå nærmare på dei fornærma si prosessuelle stilting. Utvalet blir omtala i proposisjonen her.

2 Bakgrunnen for lovforslaga

2.1 Dei pårørande sin situasjon

Spørsmålet om dei pårørande sin situasjon i straffesaker har vore omtala i samfunnsdebatten i den siste tida. Pårørande som har mista barna sine som følgje av ei straffbar handling, har sjølv vore aktive meiningsytrarar. Til dømes hadde 15 pårørande ei samling i Grimstad i mars 2002. Stine Sofies Stiftelse arbeider òg med desse spørsmåla. Desse pårørande har mellom anna fremja krav om bistandsadvokat, partsrettar, økonomisk godtgjersle under straffesaka som for vitne og jurymedlem, og betre informasjon om rettsprosessen.

Departementet har allereie sett i verk tiltak for å styrke stillinga til pårørande som kjem i ein særleg vanskeleg situasjon: Departementet løyvde i 2002 for 2003 kr. 500 000 til etableringa av ei mellombels ordning som skal gje støtte til enkelte pårørande etter nærmare fastsette kriterium. Stine Sofies Stiftelse administrerer ordninga. Støtte kan gjevast til nære pårørande av barn til og med 20 år når barnet har vore utsett for grov vald. Støtta kan vere tilskot for å få dekt utgifter og andre tiltak for å gje den enkelte auka tryggleik i kvardagen. Det krevjast vanlegvis at vedkomande har uttømt andre ordningar for økonomisk støtte (til dømes valdsoffererstatning). Departementet har vedteke å vidareføre ordninga i 2004.

2.2 Hovudpunkta i høyningsnotatet

1. februar 2002 leverte dr. juris. Anne Robberstad utgreiinga Kontradiksjon og verdighet (Rapport 2002), som ho skreiv på oppdrag frå Justisdepartementet. Rapporten tek føre seg den straffeprosessuelle stillinga til den fornærma. Robberstad samanliknar i rapporten prosessordningane i dei nordiske landa, og ho gjer framlegg om endringar i straffeprosesslova. Mellom anna foreslår ho at den fornærma skal vere part i saka om ho eller han ynskjer det. Rapporten tek ikkje føre seg stoda til dei pårørande.

På bakgrunn av debatten om dei pårørande, ynskte Justisdepartementet – då rapporten blei send på høyring – å få høyningsfråsegner òg om

nokre spørsmål knytt til rettsstillinga til dei pårørande.

Departementet la til grunn at det ikkje var aktuelt å gje alle pårørande i ein kvar straffesak nye rettar. Saker der born og unge er døde som følgje av ei straffbar handling, peika seg etter departementet sitt syn ut.

Departementet foreslo for det første ei endring i lova om godtgjersle for vitne og sakkunnige. Der nokon under 18 år er død som følgje av ei straffbar handling, skulle etter framleggget foreldre som følgjer hovudforhandlinga, ha krav på same godtgjersle som vitne. Høyningsinstansane blei spesielt bedne om å uttale seg om aldersgrensa, og om kva for pårørande som burde få godtgjersle.

For det andre foreslo departementet ei endring i straffeprosesslova §§ 107 a og 107 b som inneber at foreldre får utvida rett til hjelp frå advokat der som dei ynskjer det.

I tillegg reiste departementet spørsmål om foreldra til dei under 18 år som er døde som følgje av ei straffbar handling, bør få fleire prosessuelle rettar. Høyningsinstansane blei inviterte til å uttale seg om desse pårørande bør få ein uttrykkjeleg og absolutt rett til dokumentinnsyn (jf. straffeprosesslova §§ 28, 242 og 264 a), rett til underretting om ein-skilde påtalevedtak (jf. straffeprosesslova § 264 a) og rett til å påklage påtalevedtak (jf. straffeprosesslova § 59 a). Endeleg blei høyningsinstansane bedne om å uttale seg om retten skal kunne påleggje den sikta eller andre å forlate rettssalen når foreldra forklarer seg (jf. straffeprosesslova §§ 245 og 284).

På vilkår av at den fornærma får utvida rettar, blei høyningsinstansane òg bedne om å vurdere om dei pårørande bør få dei same eller nokre av rettane.

2.3 Oppfølginga av utgreiinga Kontradiksjon og verdighet (Rapport 2002)

Høyningsuttalene synte at det er svært delte meininger om dei prinsipielle spørsmåla som Robberstad tek opp i Rapport 2002: Kontradiksjon og ver-

dighet. Departementet er difor kome til at dette viktige spørsmålet bør utredast nærmare, av eit breitt samansett utval. Utvalet vil bli sett ned om kort tid. Det kan også vere aktuelt å be utvalet sjå på nokre spørsmål om dei pårørande.

Samstundes syntet høyringa at ein ikkje berre må sjå nærmare på lovgjevinga, men også på korleis den fornærma blir handsama reint praktisk i ei straffesak. Dette spørsmålet er ikkje omstridd. Departementet vil difor allereie no setje i gong eit arbeid for å betre desse høva, og tek sikte på – saman med Domstolsadministrasjonen og Politidirektoratet – å sjå nærmare på korleis ein kan utvikle betre praktiske rutinar for handsaminga av dei fornærma og deira pårørande.

2.4 Høyringa

Justisdepartementet sende 7. juni 2002 forslaga om endringar i lova om godtgjersle til vitne og sakkyndige og i straffeprosesslova på høying til følgjande institusjonar og organisasjonar:

Departementa

Høgsterett

Lagmannsrettane

Tingrettane

Riksadvokaten

Regjeringsadvokaten

Statsadvokatane

Politidirektoratet

Politidistrikta

Barneombodet

Likestillingsombodet

Likestillingssenteret

Det juridiske fakultet ved Universitetet i Bergen

Det juridiske fakultet ved Universitetet i Oslo

Det juridiske fakultet ved Universitetet i Tromsø

Alternativ til Vold

Barnepsykiatrisk forening

Bergen forsvarerforening

Den Norske Advokatforening

Den norske Dommerforening

DIXI RessurssenterForsvarergruppen av 1977

Incestsenteret for menn (IFM)

Innvandrerkontoret

Institutt for menneskerettigheter

Juridisk rådgivning for kvinner (JURK)

Jusshjelpa i Nord-Norge

Juss-Buss

Jussformidlinga i Bergen

Kirkens Ressurssenter mot vold og seksuelle overgrep

Kompetansesenter for voldsofferarbeid

Krisesentersekretariatet

Kvinnefronten

Kvinnegruppa Ottar

Kvinneuniversitetet

Kvinneuniversitetet Nord

Landsforeningen for Voldsofre

MIRA Ressurssenter for innvandrer- og flyktning-kvinner

Nasjonalt ressurssenter for seksuelt misbrukte barn

Nordisk institutt for kvinne- og kjønnsforskning

Norges Kvinne- og familieforbund

Norges Juristforbund

Norges Lensmannslag

Norsk forening for kriminalreform (KROM)

Norsk forbund for voldsofre

Norsk Krisesenterforbund

Norske kvinnelige juristers forening

Politiembetsmennenes Landsforening (PEL)

Politiets fellesforbund (PF)

Politihøgskolen

Rettspolitisk forening

Selvhjelp for innvandrere og flyktninger

Senter for kvinnesforskning

Stiftelsen Landsforeningen Rettferd for taperne

Stine Sofies Stiftelse

Straffedes organisasjon i Norge (SON)

Støtteforeningen for seksuelt misbrukte barn

Støttesenteret mot incest

Høyringsfristen blei sett til 1. november 2002. Følgjande instansar har gjeve melding om at dei ikkje vil kome med fråsegn i saka, eller at dei ikkje har merknader til spørsmålet om å gje pårørande nye rettar:

Arbeids- og administrasjonsdepartementet

Fiskeridepartementet

Forsvarsdepartementet

Kommunal- og regionaldepartementet

Landbruksdepartementet

Nærings- og handelsdepartementet

Samferdselsdepartementet

Utdannings- og forskningsdepartementet

Utanriksdepartementet

Høgsterett

Oslo tingrett

Om lov om endringar i lov 21. juli 1916 nr. 2 om vidners og sakkyndiges godtgjørelse m.v. og i straffeprosesslova

Polithøgskolen
 Agder statsadvokatembete
 Rogaland statsadvokatembete
 Det juridiske fakultet ved Universitetet i Oslo
 Kvinneuniversitetet Nord
 Norges Juristforbund
 Rettspolitisk forening
 Stiftelsen Fellesskap mot seksuelle overgrep
 Støtteforeningen for seksuelt misbrukte barn
 Støttesenteret mot incest

Departementet har også fått uttaler fra Sysselmannen på Svalbard og Eiendomsmeglerforetakenes Forening, som seier at dei ikkje har merknader.

Desse høringsinstansane hadde merknader til forslaga:

Barne- og familiedepartementet
 Finansdepartementet

Borgarting lagmannsrett
 Frostating lagmannsrett
 Trondheim tingrett

Riksadvokaten
 Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane statsadvokatembete
 Oslo statsadvokatembete
 Troms og Finnmark statsadvokatembete
 Trøndelag statsadvokatembete
 Politidirektoratet
 Kripo
 Agder politidistrikt
 Asker og Bærum politidistrikt
 Gudbrandsdal politidistrikt

Oslo politidistrikt
 Romerike politidistrikt

Barneombodet
 Likestillingsombodet

Den Norske Advokatforening
 Juridisk rådgivning for kvinner (JURK)
 Kompetansesenter for voldsofferarbeid
 Krisesentersekretariatet
 Norges Kvinne- og familieforbund
 Norsk forening for kriminalreform (KROM) (har gjeve to fråseigner)
 Norsk krisesenterforbund
 Politiembetsmennenes Landsforening (PEL)
 Politiets fellesforbund
 Stine Sofies Stiftelse

Departementet har også fått uttaler fra advokatane Anne Kristine Bohinen, Hilde G. Guldbakke, Anne Rita Meberg, Venil Katharina Thiis og Marit Thorvaldsen, Kristelig Folkepartis Ungdom (KrFU), Norsk Kvinnesaksforening og Redd Barna. Etter dette er det 37 høringsinstansar som har hatt merknader til forslaga om å gi nokre pårørande nye rettar.

Innhaldet i høringsfråsegnene vil bli tatt opp nærmare i tilknyting til dei enkelte forslaga. Hovudinntrykket etter høyringa er at eit stort fleirtal av høringsinstansane ynskjer at dei pårørande skal få nye og uttrykkjelege rettar i straffesaka. Høringsinstansane er derimot meir splitta i synet på kven av dei pårørande rettane skal gjelde for, og i kva for saker. Det er også ulike syn på kva for rettar dei pårørande bør få, og den nærmere utforminga av reglane.

3 Statistikk

Statistikk frå Kripos syner at 18 personar under 18 år blei drepne i perioden 2000–2002 (14 drapsaker). I 2000 blei 6 barn drepne, i 2001 7 barn, medan 5 barn blei drepne i 2002.

I perioden 1995–2002 blei til saman 23 personar under 15 år drepne, medan talet for alle drepne personar under 20 år i same periode var 50.

Statistikken gjeld berre drap etter straffelova § 233 første og andre ledd (forsettleg eller overlagt drap), og såleis ikkje aktlaust drap eller skade på lekamen med døden til følgje. Departementet er ikkje kjent med kor mange personar under 18 år som dør kvart år som følgje av ei straffbar handling. Departementet har ikkje grunn til å tru at talet på straffesaker for slike brotsverk oversteig 10 for 2002.

4 Generelt – bør dei pårørande få utvida rettar i straffesaka?

4.1 Gjeldande rett

Etter gjeldande rett har verken dei fornærma eller dei pårørande til den fornærma stilling som part i ei straffesak, slik den tiltalte har. Dei pårørande har heller ikkje dei same enkeltrettane som den fornærma sjølv har etter lova. Som det går fram av punkt 6.2.1, synest det å vere noko uklårt i praksis i kva for mon dei pårørande i straffesaker likevel kan gjere gjeldande dei rettane som den fornærma har.

Dei pårørande til den fornærma har heller ikkje krav på å få dekt reiseutgifter eller tapt arbeidsforteneste, slik vitne og sakkunnige har.

4.2 Forslaget i høyringsnotatet

I høyringsnotatet tok departementet opp spørsmålet om nokre pårørande bør få nye rettar til dei pårørande (og dei fornærma) bør sjåast i samanheng med målet om hurtigare handsaming av straffesaker (punkt 8 i proposisjonen her).

Samstundes peika departementet i høyringsnotatet på side 10 på at ynsket om nye rettar til dei pårørande (og dei fornærma) bør sjåast i samanheng med målet om hurtigare handsaming av straffesaker (punkt 8 i proposisjonen her).

4.3 Høyringsinstansane sitt syn

Eit stort fleirtal av dei høyringsinstansane som uttalar seg om spørsmålet, meiner at dei pårørande bør få nye rettar i straffesaker. Dette gjeld *Barne- og familidepartementet, Borgarting lagmannsrett, Frostating lagmannsrett, riksadvokaten, Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane statsadvokatembete, Troms og Finnmark statsadvokatembete, Politidirektoratet (POD), Agder politidistrikt, Asker og Bærum politidistrikt, Gudbrandsdal politidistrikt, Oslo politidistrikt, Romerike politidistrikt, Barneombodet, Likestillingsombodet, Den Norske Advokatforening, Juridisk rådgivning for kvinner (JURK), Kompetansesenter for voldsofferarbeid, Krisesentersekretariatet, Norges Kvinne- og familieforbund, Norsk forening for kriminalreform (KROM), Norsk krisesenterforbund, Norsk Kvinnenesaksforening, Politiembetsmennenes Landsforening (PEL), Politiets fellesforbund, Redd*

Barna, Stine Sofies Stiftelse, advokat Anne Kristine Bohinen, advokat Venil Katharina Thiis, advokat Anne Rita Meberg, advokat Hilde G. Guldbakke og advokat Marit Thorvaldsen. Riksadvokaten uttalar til dømes på generelt grunnlag:

«Det har vært stor oppmerksomhet omkring politiets kontakt med og behandling av pårørende i alvorlige straffesaker, ikke minst i forbindelse med drap og forsvinningssaker. Riksadvokaten er enig i at relasjonene til rammede familiærer er svært viktig, og alltid må søkes ivaretatt på best måte.»

Politiets fellesforbund meiner at:

«...ivaretakelsen av impliserte i straffesaker, særlig i mishandlings- / volds- og drapsaker må bli bedre enn i dag. Møtet med en formell institusjon som rettsvesenet, kan virke fremmedgjørende på mennesker. Dette gjelder særlig hvor de impliserte er pårørende til offer for en alvorlig straffbar handling. Viljen bak forslagene er positiv, og tiltakene er nødvendige.»

Berre *KrFU* og *Kriplos* går direkte imot at dei pårørande skal få utvida rettar. *Trondheim tingrett* er også generelt negativ.

KrFU grunngjev synet sitt slik:

«Vi frykter at man ved å formalisere de pårørendes rolle i en straffesak gir et moralsk klarsignal for interessen i å se gjerningspersonen bli påført et strengest mulig onde. Fornærmede og pårørende i en straffesak befinner seg ofte i en strekt følelsespreget situasjon. Dette er selvsagt forståelig. Bitterhet og opprørighet ved alvorlige lovbrudd er naturlig, særlig i saker om seksual-lovbrudd, legemskrenkelser og drap. Disse følelsene må likevel ikke få konsekvenser for straffeprosessen. KrFU mener at det må fokuseres mer på psykiatriske tiltak overfor offeret og de etterlatte. Men vi frykter at å generelt legge til rette for at de pårørende skal ha en juridisk interesse i saken, vil føre til at de pårørende blir sendt et signal om at det å forfölge gjerningspersonen rettslig som del av sorgreaksjonen er moralsk akseptert.»

Kriplos uttalar:

«Når det gjelder pårørende er stillingen annerledes. Det synes som om rettigheter gis som en

del av sorgbearbeidingen. Sorgbearbeiding kan ikke være et sentralt hensyn innenfor straffeprosessens rammer, og bør ikke være domstolens eller påtalemyndighetens oppgave. Man finner ikke å kunne gi sin tilslutning til tanken om at pårørende skal gis de samme rettigheter til innsyn i sakens dokumenter som fornærmede.»

4.4 Departementet sitt syn no

Høyringa har styrka departementet i synet på at ei gruppe av dei fornærma sine pårørende bør få nokre nye rettar i straffesaker.

Departementet har likevel merka seg synspunkta til KrFU og Kripo. Departementet er samd i at omsynet til sorgarbeid ikkje kan gå føre andre sentrale omsyn i straffeprosessen. Det bør likevel

vere mogleg å leggje opp prosessen slik at dei pårørande blir tekne betre i vare enn i dag. Framlegga i proposisjonen her har opphav i reglar som gjeld dei fornærma og vitne. Spørsmålet er om omsyna bak reglane òg er relevante for dei pårørande det er tale om, slik at det kan vere grunn til å utvide og/eller presisere virkeområdet til reglane.

Til KrFU si fråsegn om at framlegga i høyringsnotatet kan gje eit moralisk klarsignal for interessa i å sjå gjerningspersonen bli påførd eit strengast mogleg vonde, vil departementet peike på at ingen av framlegga rettar seg mot retten si handsaming av skuld- eller straffespørsmålet i saka. Departementet vil òg understreke at framleggjett gjeld ei litra gruppe pårørande, som eit stykke på veg kan gjere gjeldande desse rettane allereie i dag. For nokre av forslaga er det difor tale om ei synleggjering. Departementet viser til punkt 6.2.1.

5 Kven bør få nye rettar?

5.1 Forslaget i høyningsnotatet

Departementet drøfta først *kva for pårørande* som bør få nye rettar (høyningsnotatet på side 3):

«Etter departementets syn er det lite aktuelt å gi alle pårørende i enhver straffesak nye rettigheter. Så lenge den fornærmede er i live, bør som hovedregel bare den fornærmede selv ha rettigheter i forbindelse med rettssaken. De pårørende har i disse sakene sjeldan noe selvstendig behov for prosessuelle rettigheter. Samtidig vil det kunne komplisere saken om også de pårørende gis egne rettigheter.

En annen sak er at pårørende enkelte ganger selv er skadelidt i lovens forstand og dermed har de samme rettigheter som en fornærmet, jf. straffeprosessloven § 3. Det kan også være at de som foresatte kan oppstre på vegne av en mindreårig fornærmet. Disse spørsmålene lar departementet ligge her.

Det ville også være å gå for langt å gi prosessuelle rettigheter til de pårørende i alle straffesaker hvor den fornærmede er død, uavhengig av om dødsfallet er en følge av den straffbare handlingen eller ikke.

Straffesaker hvor den fornærmede er død på grunn av den straffbare handlingen står i en særstilling, og saker hvor barn og unge er drept, peker seg særlig ut. I disse sakene kan de pårørende ha et sterkt ønske om å delta aktivt eller i alle fall være til stede under hele rettsaken. Samtidig har de ved tapet av den unge blitt påført så store lidelser at det er rimelig at de blir gitt en prosessuell særstilling.»

Departementet uttala dette om *kven som skal reknast som barn og unge* (høyningsnotatet side 4):

«Det kan synes naturlig å trekke en grense på enten 18 eller 20 år, dvs. at det kreves at den fornærmede var yngre enn dette på gjerningstiden. Atten år er den alminnelige myndighetsalderen, og aldersgrensen er flere steder i lovverket avgjørende for borgernes rettigheter og plikter. Sammenhengen i loverket kan derfor tilsi at grensen bør settes til 18 år. På den annen side bor mange barn fortsatt hjemme hos foreldrene også etter at de har fylt 18. Og enkelte steder i lovverket, for eksempel i barnevernloven § 1–3 annet ledd første punktum, gjelder en høyere aldersgrense (23 år).»

Departementet reiste også spørsmålet om *kven av dei etterlatne* som skal få rettane (høyningsnotatet side 4):

«Behovet er størst for foreldrene til offeret. Foreldrene er barnets nærmeste pårørende, og de har vanligvis den sterkeste interessen i å følge saken. Retten til å få dekket utgifter bør trolig bare gjelde den avdødes foreldre.»

Endeleg blei høyningsinstansane bedne om å uttale seg om *i kva for saker* dei pårørende bør få nye rettar (høyningsnotatet side 4):

«De etterlates behov for å følge hovedforhandlingen kan være like stort enten straffesaken gjelder forsettlig drap eller en annen straffbar handling med døden til følge, f.eks. legemskrenkelse eller seksuallovbrudd. På denne bakgrunn synes det rimelig at retten til å få dekket utgifter skal gjelde i saker om overtredelse av straffeloven §§ 233 eller 239, og i saker om overtredelse av §§ 192, 195, 196, 228, 229 eller 231 når handlingen har hatt døden til følge.

Også andre straffebestemmelser kan være aktuelle, for eksempel § 236 (medvirkning til selvmord). Et alternativ er derfor å la kriteriet være at en straffbar handling har ført til at den fornærmede dør, uten å spesifisere nærmere hvilke lovbrudd det dreier seg om. Ulempene med en slik løsning kan være at ordningene vil omfatte flere saker enn tilskiktet, eller at det kan oppstå tolkningsproblemer.»

Departementet sondra ikkje i høyningsnotatet mellom dei nye rettane, men lét den same avgrensinga gjelde for alle dei nye rettane.

5.2 Høyningsinstansane sitt syn

Alle dei høyningsinstansane som meiner at dei pårørende bør få nye rettar, jf. punkt 4.3, sluttar seg til departementet sitt syn om at straffesaker der den fornærmede er død som følge av den straffbare handlinga, står i ei særstilling. Vidare er fleirtalet av desse høyningsinstansane samd i at saker der barn og unge er drepne, peikar seg særleg ut.

Høyningsinstansane *Borgarting lagmannsrett*, med tilslutning frå *Frostating lagmannsrett*, *Troms og Finnmark statsadvokatembete*, *JURK*, *Landsfor-*

eningen for voldsofre, Norsk Kvinnesaksforening og advokat Anne Kristine Bohinen, med tilslutning fra advokat Venil Katharina Thiis, advokat Anne Rita Meberg, advokat Hilde G. Guldbakke og advokat Marit Thorvaldsen meiner derimot at ei utviding av rettane til dei pårørande ikkje berre bør gjelde for desse pårørande. *Troms og Finnmark statsadvokatembete* meiner at utvida rettar for dei pårørande ikkje bør gjelde ei fastsett gruppe, men at retten i staden bør kunne til dømes nemne opp advokat for dei pårørande i særlege tilfelle. *JURK* og *Landsforeningen for voldsofre* ynskjer ikkje å binde rettane til alderen til den som er død som følge av ei straffbar handling. *Borgarting lagmannsrett*, med tilslutning fra *Frostating lagmannsrett*, og *Norsk Kvinnesaksforening* meiner at den personkrinsen som framlegga i høyingsnotatet gjeld, er for snever. Etter *Borgarting lagmannsrett* sitt syn kan både barn, ektemakar og foreldre til vaksne barn som mistar sine nærmeste som følge av ei straffbar handling, ha den same trøngen til offentleg støtte i samband med straffesa-ka.

Det er noko større usemje blant høyingsinstansane i spørsmålet om *kven som skal rekna som barn og unge. Asker og Bærum politidistrikt, Gudbrandsdal politidistrikt, Den Norske Advokatforening, ein del av KROM, Norsk Krisenterforbund og Redd Barna* meiner at grensa bør vere 18 år. Desse instansane peikar særleg på samanhengen i regelverket og på FN sin konvensjon om barn sine rettar som definerer barn som alle under 18 år.

Barne- og familidepartementet, riksadvokaten, Politidirektoratet, Agder politidistrikt, Oslo politidistrikt og Barneombodet går inn for ei grense på 18 år som hovudregel, men at det bør kunne gjerast unnatak etter ei konkret vurdering i særskilte tilfelle, typisk når barna framleis bur heime hos foreldra.

Romerike politidistrikt, Krisentersekretariatet og Norges Kvinne- og familieforbund ynskjer at grensa skal setjast til 20 år. Desse høyingsinstansane peikar på at dei aller fleste bur heime etter fylte 18 år og er avhengige av foreldra sine inn i tidleg vaksenalder.

Høyingsinstansen *Stine Sofies Stiftelse* går inn for ei grense på 23 år, og viser til endringar i familiestrukturen og til at personar opp til 23 år kan falle inn under barnevernet.

Når det gjeld spørsmålet om *kven av dei etterlatne* som skal rekna som pårørande i denne samanhengen, meiner dei fleste høyingsinstansane som har uttala seg om spørsmålet og som ikkje ynskjer ei meir utvida ordning, at berre den avlidne sine foreldre, eventuelt føresette, bør omfattast. Dette gjeld *Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane statsadv*

katembete, Agder politidistrikt, Barneombodet, Norges Kvinne- og familieforbund, Norsk Krisenterforbund og Politiembetsmennenes Landsforening. Desse høyingsinstansane peikar på at foreldra eller dei føresette er dei nærmaste pårørande til barnet, og at dei difor normalt har den sterkeste interessa i å følge saka. *Barne- og familidepartementet* ynskjer også at stemor/stefar bør omfattast etter ei konkret vurdering. Er foreldra døde, meiner *Den Norske Advokatforening, JURK, Krisentersekretariatet, og Politiets fellesforbund* at dei nærmaste pårørande bør få dei same rettane. Ein del av *KROM* ynskjer at ektemakar og sambuarar skal omfattast i tillegg til foreldra eller dei føresette.

Nokre høyingsinstansar uttalar at personkrinsen bør avgrensast etter ei konkret vurdering. *Politidirektoratet, Oslo politidistrikt og Romerike politidistrikt* meiner at foreldra til barnet står i ei særstilling, men at rettane også bør kunne gå til andre. *Politidirektoratet* uttalar:

«Dette vil være aktuelt i tilfeller hvor foreldrene selv ikke orker å møte og andre ønsker å være til stede, eller hvor aleneforeldre ønsker å ha med seg en nærtstående.»

Riksadvokaten ynskjer heller ikkje ein kategorisk regel om at berre foreldra skal vere omfatta, og uttalar:

«Mange barn vil bare ha en forelder, og denne kan ønske å ha med seg noen ved tunge dager i retten, for eksempel en annen slekting eller nær bekjent. Det vil også kunne tenkes at foreldrene overhodet ikke makter å møte i retten, slik at en annen – for eksempel eldre søsken – ønsker å være tilstede isteden. Dette bør det etter en konkret vurdering være adgang til.»

I spørsmålet om i *kva for saker* pårørande skal få nye rettar, går *Borgarting lagmannsrett, Agder politidistrikt*, med tilslutning fra *Frostating lagmannsrett, Gudbrandsdal politidistrikt, Krisentersekretariatet*, ein del av *KROM* og *Politiembetsmennenes Landsforening* inn for at typane av saker skal rekna opp. Høyingsinstansane meiner at ein slik regel vil vere enkel å praktisere.

Barne- og familidepartementet, riksadvokaten, Politidirektoratet og Oslo politidistrikt ynskjer også at rettane knytast til dei straffeboda som var nemnde i høyingsnotatet, men at rettar for etterlatne også kan gjelde i andre saker etter ei konkret vurdering. *Riksadvokaten* uttalar:

«De bestemmelser som oppregnes i høyingsnotatet vil åpenbart være de mest sentrale. Likevel kan en ikke se bort fra at rettigheter til de pårørende kan være aktuelt også i andre saker. Riks-

Om lov om endringar i lov 21. juli 1916 nr. 2 om vidners og sakkyndiges godtgjørelse m.v. og i straffeprosesslova

advokaten anbefaler derfor at bestemmelsen utformes etter mønster av straffeprosessloven § 107a – dvs. at kravet på kompensasjon er obligatorisk i de mest aktuelle sakstyper, men at det også kan gis «andre saker» hvor det er «behov». Begrunnelsen for dette forslag til utvidelse er at det kan tenkes flere saker hvor et barn er død under omstendigheter som er straffbare, og hvor de pårørende vil ha et sterkt behov for å få vite hva som er skjedd. Eksempelvis kan tenkes barn som omkommer eller blir alvorlig skadet i barnehagen eller skolen under lek, på skoletur eller i praktisk arbeid etc, og hvor straffansvar gjøres gjeldende etter spesiallov eller forskrift – som produktkontrollloven eller arbeidsmiljøloven. I slike straffesaker vil rettsbehandlingen ofte kunne gi en etterlengtet forklaring på hva som hendte og hvem som hadde ansvaret.»

Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane statsadvokatembete, Asker og Bærum politidistrikt, Romerike politidistrikt, Den Norske Advokatforening og JURK meiner derimot at kriteriet berre bør vere at ei straffbar handling har funne sted, av di ein slik regel vil fange opp alle sakene der dei pårørende har ei trøng til rettane. *Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane statsadvokatembete*uttalar:

«Departementets bekymring om at ordningen da vil kunne omfatte flere saker enn tiltenkt, bør veies opp mot muligheten for at saker med behov ikke fanges opp.»

Og *Romerike politidistrikt* seier det slik:

«Dersom man velger å spesifisere lovbrudd fra straffeloven slik departementet har gjort, vil eksempelvis pårørende i Sleipner-ulykken og i arbeidsulykker falle utenfor ordningen.»

Ingen høyringsinstansar har kommentert om personkrinsen bør avgrensast ulikt i høve til dei ulike framlegga.

5.3 Departementet sitt syn no

Høyringsrunda har styrkt departementet i sitt syn på at i spørsmålet om *kva for pårørende* som bør få nye rettar, står straffesaker der den fornærma er død som følge av den straffbare handlinga, i ei særstilling, og at saker der barn og unge er drepne, skil seg særleg ut.

Departementet har merka seg at nokre høyringsinstansar meiner at også andre pårørende bør få nye rettar. Departementet er samd i at det kan tenkjast situasjonar der andre pårørende enn dei som er nemnde i høyringsnotatet, kan ha ei trøng til dei

rettane som forslaga gjeld. Departementet held likevel fast ved at det ikke no er aktuelt å gi alle pårørende i straffesaker utvida rettar, og viser til at avgrensinga til saker der barn og unge er døde som følge av ei straffbar handling, har vunne brei støtte i høyringa. Det er det spesielle forholdet mellom barn og deira pårørende som etter departementet sitt syn er hovudgrunnen til å gje nye rettar til akkurat desse pårørende. Departementet vil heller ikke foreslå ein regel heilt ut basert på eit skjøn, men foreslår likevel eit unnatak med omsyn til kven som skal reknast som barn og unge, sjå nedanfor.

Departementet vil også peike på at andre pårørende etter omstenda har prosessuelle rettar etter straffeprosesslova § 3 når dei fremjar krav om skadebot eller oppreising i straffesaka, sjå nærmere omtala i punkt 6.2.1. Skadebotlova § 5–2 andre ledd fastset til dømes at den som forsettleg eller grovt aktlaust har valda ein anna sin død, kan påleggjast å betale den døde sin ektemake, sambuar, barn eller foreldre oppreising.

Departementet held difor fast på avgrensinga frå høyringsbrevet, men vil følgje utviklinga.

Departementet har vore noko i tvil om *kven som skal reknast som barn og unge* i denne samanhangen. Departementet har kome til at hovudregelen bør vere 18 år, og legg vekt på at fleirtalet av høyringsinstansane har støttet denne grensa. Atten år er den allmenne myndigalderen, og aldersgrensa er fleire stader i lovverket avgjerande for borgarane sine rettar og plikter.

Departementet er likevel samd med *Barne- og familidepartementet, riksadvokaten, Politidirektoratet, Agder politidistrikt, Oslo politidistrikt og Barneombodet* i at det bør opnast for unnatak etter ei konkret vurdering, av di ei skarp grense kan lede til ureimelege resultat i praksis. Departementet foreslår difor at også pårørende til barn over 18 år kan få rettane når særlege forhold ligg føre. Med uttrykket særlege forhold siktast typisk til tilfelle der den avlidne framleis budde heime hos foreldra etter å ha fylt 18 år. I andre tilfelle må nærliken mellom den avlidne og dei pårørende vere særleg stor før unnataket gjeld. Var den avlidne eldre enn 23 år, vil det etter departementet sitt syn normalt ikke vere grunnlag for å gjere unnatak frå hovudregelen.

I spørsmålet om *kven av dei etterlatne som skal reknast som pårørende*, held departementet fast ved at foreldra til den avlidne har den største trøngen til nye rettar. Dette synet støttast av dei fleste høyringsinstansane. Departementet forstår at ein forelder kan ynskje å ha med seg ein ny sambuar eller ektemake eller andre nærstående under handsaminga av straffesaka, slik *riksadvokaten* peikar på, men finn det ikke naturleg at vedkomande slik ord-

ninga er i dag, får økonomisk godtgjersle frå staten, jf. punkt 6.1, eller får prosessuelle rettar i saka. Departementet viser til at dei nærmeste pårørande til ein fornærrma som framleis er i live, heller ikkje har rett til godtgjersle. Departementet held difor fast ved at det er forholdet mellom barn og foreldra deira som er hovudgrunnen for å gje nye rettar til desse pårørande, ikkje omsynet til dei pårørande isolert.

Departementet har vurdert om nokre andre enn foreldra til barnet bør få dei same rettane. Døme er ei stemor eller ein stefar som barnet har vakse opp saman med, eller fosterforeldra til barnet.

Grunngjevinga bak forslaga kan tale for at personkrinsen utvidast i konkrete tilfelle, av di nærlieken mellom barnet og slike omsorgspersonar kan vere like sterkt som mellom barnet og foreldra. Samanhengen i regelverket taler på den andre sida for at berre foreldra får nye rettar: Departementet viser for det første til skadebotlova § 1–2 nr. 2 som fastset at foreldra svarer for skade som barna deira har valda forsettleg eller aktlaust, når barna er under 18 år og bur saman med foreldre som har omsorga for dei. Omgrepet «foreldre» i føresegna omfattar truleg den som har foreldreansvar etter barnelova. Kven som har foreldreansvaret, går fram av barnelova §§ 34–36 jf. §§ 38–39. I juridisk litteratur er det lagt til grunn at fosterforeldre fell utanfor føresegna.

Vidare kan berre foreldra, og ikkje til dømes fosterforeldra, få oppreising etter skadebotlova § 3–5 andre ledd: Den som forsettleg eller grovt aktlaust har valda ein anna sin død, kan påleggjast å betale den avlidne sin ektemake, sambuar, barn eller foreldre oppreising. Omgrepet «foreldre» må truleg tolkast på same måte som for det objektive ansvaret etter skadebotlova § 1–2 nr. 2.

Den som har foreldreansvaret, er òg barnet si verje, jf. verjemålslova § 3.

Endeleg har den eller dei som har foreldreansvaret påtalerett når den fornærrma er under 18 år, jf. straffelova § 78 første ledd første punktum. Har ingen foreldreansvaret, kan verja krevje påtale, jf. straffelova § 78 første ledd andre punktum.

Departementet har på denne bakgrunnen lagt avgjera vekt på omsynet til samanhengen i regelverket, og foreslår difor at berre den som har foreldreansvaret etter barnelova omfattast av forslaga her. Etter departementet si oppfatning ligg det ikkje føre tilstrekkelege grunnar til å fråvike den løysinga som er vald for erstatningsansvar, oppreising og påtalerett. Òg rettstekniske omsyn talar for denne løysinga. Ein vidare personkrins vil dessutan reise spørsmål om forholdet mellom dei einskilde rettshavarane, slik Barneombodet har peika på. Har ingen foreldreansvaret, foreslår departementet

at verja får rettane, jf. straffelova § 78 første ledd andre punktum.

Departementet nyttar i det følgjande omgrepet «foreldre» som ei felles nemning på den personkrinsen som omfattast av forslaga.

Når det gjeld spørsmålet om i *kva for saker* foreldra skal få nye rettar, er høyTINGSinstansane samd i at saker om brot på straffelova §§ 233 eller 239 (forsettleg og aktlaust drap), og i saker om brot på §§ 192, 195, 196, 228, 229 eller 231 når handlinga har hatt døden til følgje, er dei viktigaste. Fleirtalet ynskjer likevel ikkje at lova skal stengje for andre tilfelle. Departementet er samd i dette, og legg særleg vekt på at dei omsyna som talar for å gje pårørande utvida rettar, kan gjere seg like gjeldande i andre saker der barnet er død som følgje av ei straffbar handling.

Departementet held på denne bakgrunnen fast ved alternativet «i saker der nokon under 18 år er død som følgje av ei straffbar handling» frå høyTINGSnotatet. Departementet legg til grunn at denne generelle formuleringa òg vil dekkje tilfelle der barnet er død etter ei straffbar handling som stirr mot spesiallovgjevinga, jf. dei døma riksadvokaten omfattar i høyTINGSfråsegna si. Eit anna døme kan vere saker etter vegtraffikklova § 3 jf. § 31 der eit barn er død som følgje av handlinga og tiltale etter straffelova § 239 ikkje er reist, sjå Ot.prp. nr. 46 (2000–2001) side 64 flg.

Departementet vel ei generell lovteknisk utforming framfor ei prøving etter trøngen i det einskilde høve, slik riksadvokaten gjer framlegg om. Ei slik formulering er truleg enklare å praktisere (ein treng ikkje vurdere trøngen i det einskilde høvet, det er nok å slå fast at barnet er død som følgje av den straffbar handlinga), og mønstret i straffeprosesslova § 107 a er ikkje like velegna for andre rettar enn retten til advokat. Det er få saker der barn og unge dør som følgje av ei straffbar handling, jf. punkt 3. Departementet legg òg til grunn at desse sakene i hovudsak dreier seg om dei brota på straffelova som er rekna opp i høyTINGSnotatet. Difor blir talet på dei som får dei nye rettane, truleg ikkje særleg mykje høgre enn om ein avgrensar lovteksta meir. Samstundes ynskjer departementet at òg pårørande som mistar barna sine ved andre straffbare handlingar, skal få dei same rettane.

Departementet held fast ved at den avgrensinga av pårørande som gjerast i framlegget, skal gjelde for alle rettane. Rettstekniske omsyn talar for denne løysinga. Om ikkje særlege grunnar gjer seg gjeldande, bør difor krinsen avgrensast likt. Departementet finn ikkje at særlege omsyn talar for at krinsen av pårørande skal avgrensast ulikt for dei einskilde rettane. Heller ingen høyTINGSinstansar har bede om at krinsen skal avgrensast på ulikt vis.

6 Kva for rettar bør foreldra få?

6.1 Økonomisk godtgjersle til foreldre som følgjer straffesaka

6.1.1 Gjeldanderett

Pårørende som følgjer hovudforhandlinga i straffesaker der barn og unge er døde som følge av ei straffbar handling, har i dag ikkje krav på å få dekt reiseutgifter eller tapt arbeidsforteneste.

Vitne har derimot etter lov 21. juni 1916 nr. 2 om vidners og sakkyndiges godtgjørelse m.v. krav på reisegodtgjersle etter staten sitt reiseregulativ. Retten kan òg, når økonomisk tap er godtgjort, dekke dei utlegga og den tapte arbeidsfortenesta vitnet har hatt så langt det er rimeleg, jf. lova § 5. Godtgjersle kan bli gjeven for dei dagane som går med til å følge hovudforhandlinga og ankeforhandlinga, inkludert tap i reisetida og under opphaldet på staden.

6.1.2 Høyingsnotatet

Departementet foreslo i høyingsnotatet at dei pårørende skulle få dei same rettane som vitne på dette punktet, og grunngav framlegget slik på side 4:

«Gode grunner kan tale for at den samme ordningen bør gjelde for pårørende i straffesaker der barn og unge er drept. Det er ikke rimelig at disse pårørende selv bærer den økonomiske belastningen ved å følge straffesaken. Ikke minst gjelder dette i langvarige saker, hvor det kan dreie seg om relativt store beløp, særlig hvis rettsstedet ligger så langt fra hjemstedet at pårørende må bo på hotell.»

6.1.3 Høyingsinstansane sitt syn

Alle dei høyingsinstansane som er generelt positive til at pårørende får nye rettar i straffesaker (sjå punkt 4.3), støttar framlegget om at pårørende skal få dekt utgiftene sine på lik line med vitne.

Barne- og familieliedepartementet uttalar såleis:

«I likhet med Justisdepartementet er departementet av den oppfatning at det ikke er rimelig at disse pårørende selv skal bære den økonomiske belastningen ved å følge straffesaken.»

Barneombodet støttar framlegget på vilkår av at den fornærma sjølv får den same retten i straffesaker.

6.1.4 Departementet sitt syn no

Høyingsfråsegnene har vist at det er brei semje om departementet sitt framlegg om at foreldre som følgjer hovudforhandlinga i straffesaker der barnet deira er død som følge av ei straffbar handling, skal få dekt reiseutgiftene og tapt arbeidsforteneste på line med vitne, og departementet held fast ved framlegget.

Til Barneombodet sin merknad om dei fornærma, vil departementet peike på at proposisjonen her berre tek føre seg dei pårørende. Departementet tek med seg innspelet i det vidare arbeidet med rettane til dei fornærma.

I kva saker, og for kven, utvidinga av retten til godtgjersle vil gjelde, er handsama i punkt 5.3.

Framlegget reiser ikkje spørsmål i høve til målet om hurtigare handsaming av straffesaker, jf. punkt 8.

Departementet viser elles til utkastet til endring i § 1 i lova om godtgjersle til vitne og sakkunnige, og til merknadene til føresegna.

6.2 Straffeprosessuelle rettar

6.2.1 Generelt om pårørende sine rettar

Bortsett frå retten til bistandsadvokat har ikkje dei pårørende etter gjeldande rett prosessuelle rettar i straffesaker i kraft av å vere pårørende, slik dei fornærma har. Men dei pårørende kan vere skadelidne i straffeprosesslova si meining, og dimed ha mange av dei same rettane som den fornærma, jf. straffeprosesslova § 3 fjerde ledd. Det kan òg vere at dei som føresette kan handle på vegner av ein mindreårig, men dette spørsmålet lèt departementet ligge.

Straffeprosesslova § 3 fjerde ledd lyder:

«Med uttrykket fornærmede forstås i denne lov også andre skadelidte som nevnt i første ledd. Dette gjelder likevel ikke §§ 72, 80, 229, 273 og 295 og ikke kapitlene 9 a og 28.»

Føremålet med denne føresegna var å klargjere at andre skadelidne har dei same rettane som ein fornærma når rettane har å gjere med moglegheita til å fremje borgarlege rettskrav i straffesaka, jf. Ot.prp. nr. 53 (1983–1984) side 150, sjå òg Ot.prp. nr. 35 (1978–1979) side 100–101.

Skadebotlova § 3–5 andre ledd fastset at den som forsettleg eller grovt aktlaust har valda nokon sin død, kan påleggjast å betale oppreising til den avlidne sin ektemake, sambuar, barn eller foreldre.

Pårørande som fremjar krav om skadebot eller oppreising, kan såleis gjere gjeldande nokre straffeprosessuelle rettar og ha krav på bistandsadvokat. Personkrinsen av pårørande som kan ha desse rettane, kan vere vidare enn han som forslaga i proposisjonen her gjeld, til dømes kan ektemaken til den avlidne og foreldra til vaksne barn vere «andre skadelidte».

På eit tidleg stadium i prosessen kan det vere uklårt om dei pårørande vil forfølgje eit borgarleg krav. Det må likevel leggjast til grunn at dei pårørande til dømes har rett til dokumentinnsyn når innsynet har noko å seie for moglegheita til å fremje krav i saka, jf. punkt 6.2.4.1. Og påtalemakta har truleg òg ei plikt til å underrette dei pårørande om påtalevedtak som har noko å seie for moglegheita til å fremje krav i saka, jf. punkt 6.2.3.1.

Nokre pårørande ynskjer kan hende ikkje å fremje krav på eit eller fleire stadium i saka. Saka kan også ligge slik til at kravet ikkje skal handsamast i saka – det er til dømes endeleg avgjort i første instans og er difor ikkje tema i ei ankesak. Eller den pårørande kan ynskle å få dokumentinnsyn eller bli underretta utover det handsaminga av det borgarlege kravet krev. I desse tilfella kan det vere tvilsamt i kva mon dei pårørande kan krevje rettar i medhald av straffeprosessloven § 3 fjerde ledd.

Departementet meiner på denne bakgrunnen at det trengst å endre straffeprosesslova sjølv om pårørande kan ha rettar etter straffeprosesslova § 3 fjerde ledd i kraft av å vere skadelidne i lova si forstand. For det første er det uklårt i kva for omfang pårørande som er skadelidne i straffeprosesslova si tyding, har rettar og gjer bruk av dei rettane dei måtte ha i medhald av lova § 3 fjerde ledd. Det kan difor vere naudsynt å synleggjere nokre rettar. For det andre talar gode grunnar for at rettane ikkje berre skal tilkome dei pårørande som har eit skadebot- eller oppreisingskrav. Det kan vere ulike grunnar til at foreldra ikkje fremjar krav. Og då er det uvisst i kva mon dei kan krevje rettar etter straffeprosesslova § 3 fjerde ledd.

6.2.2 Pårørande sin rett til advokat

6.2.2.1 Gjeldande rett

Av omsyn til samanhengen mellom den fornærma sin rett til advokat og den retten dei pårørande har, er det naudsynt først å seie noko om retten til den fornærma.

Den fornærma har rett til hjelp frå advokat i saker om seksuallovbrot (saker om brot på straffelova §§ 192–197, 199 og 200 tredje ledd) dersom vedkomande ynskjer det (straffeprosesslova § 107 a første ledd). I andre saker kan retten nemne opp advokat for den fornærma om det er grunn til å tru at den fornærma som følge av den straffbare handlinga får monaleg skade på lekam eller helse og det reknast for naudsynt med advokat. Ordet bistandsadvokat nyttast i praksis som nemning på ein advokat som er nemnt opp etter reglane i straffeprosesslova kapittel 9 a.

Bistandsadvokaten kostast av det offentlege. Advokaten skal take i vare den fornærma sine interesser i samband med etterforskinga og hovudforhandlinga i saka, jf. straffeprosesslova § 107 c første ledd. Advokaten skal òg gje den fornærma slik anna hjelp og støtte som er naturleg og rimeleg i samband med saka.

Bistandsadvokaten har ein del prosessuelle rettar. Blant anna har advokaten rett til å vere til stades under hovudforhandlinga. Advokaten har rett til å protestere mot spørsmål om den fornærma som ikkje kjem saka ved, eller som er stilte på ein utilbørleg måte, jf. straffeprosesslova § 107 c tredje ledd. Bistandsadvokaten skal få moglegheit til å uttale seg om prosessuelle spørsmål som gjeld den fornærma og til å uttale seg om skadebotkrav og andre borgarlege rettskrav som den fornærma har gjort gjeldande, jf. fjerde ledd.

Dersom den fornærma er død eller av andre grunnar ikkje er i stand til å krevje advokat nemnt opp, kan retten i særlege tilfelle nemne opp ein bistandsadvokat til å take i vare omsynet til den fornærma og den fornærma sine nærmeste, jf. straffeprosesslova § 107 b fjerde ledd. I forarbeida er det lagt til grunn at retten må avgjere spørsmålet om oppnevning etter ei konkret vurdering av moglegheita for at forhold som kunne skade den avlidne sitt ettermæle, vil bli gjort gjeldande, jf. Ot.prp. nr. 53 (1983–84) side 73–74. Høgsteretts kjærermålsutval uttala i orskurden i Rt. 1996 side 291 at «også behovet for bistand ved mulige erstatningskrav omfattes av ordningen – selv om slik oppnevning er begrenset til 'særlige tilfelle'». Sjå òg Rt. 2000 side 1399.

Den fornærma sine pårørande som samstundes må reknast som «andre skadelidte» etter straffepro-

Om lov om endringar i lov 21. juli 1916 nr. 2 om vidners og sakkyndiges godtgjørelse m.v. og i straffeprosesslova

sesslova § 3 fjerde ledd, er ikkje jamstelte med den fornærla på dette punktet (sjå 6.2.1).

6.2.2.2 Høyningsnotatet

Departementet reiste i høyningsnotatet spørsmål om ikkje foreldre til barn som er døde ved ei straffbar handling, bør få krav på å få nemnt opp bistandsadvokat, uavhengig av om retten meiner det gjeld «særlege tilfelle» som nemnt i straffeprosesslova § 107 b fjerde ledd. Departementet grunngav framleggset slik (høyningsnotatet side 6):

«Straffesaken vil kunne være en så stor belastning for dem at de kan ha behov for hjelp og støtte fra en bistandsadvokat selv om det verken er fare for at den avdødes ettermæle vil bli skadet eller behov for bistand i forbindelse med et erstatningskrav.»

Departementet foreslo å føre vidare den gjeldande regelen om pårørende sin rett til advokat for andre tilfelle enn dei det nye framleggset gjeld, og uttala (høyningsnotatet side 6):

«Annet ledd annet punktum vil regulere retten til bistandsadvokat for andre nærliggende enn foreldrene når en mindreårig er død, for eksempel besteforeldre. Dessuten vil den regulere retten for alle de nærmeste når den avdøde var fylt 18 år og når den fornærla er i live, men er ute av stand til selv å begjære oppnevnt bistandsadvokat.»

Om forståinga av den gjeldande regelen om rett til advokat for dei pårørende, uttala departementet (høyningsnotatet side 5):

«Bestemmelsen må forstås slik at bistandsadvokat for den fornærla bare kan oppnevnes i de typer av saker hvor den fornærla selv kunne fått oppnevnt advokat. Paragraf 107 a trekker følgelig også opp rammene for når det kan oppnevnes bistandsadvokat for pårørende. Men retten gjelder altså bare i 'særlege tilfeller'.»

Departementet drøfta òg same staden i høyningsnotatet kva for *lovteknisk utforming* nye reglar kunne få:

«Det kan være naturlig å samle reglene om rett til bistandsadvokat for den fornærla og for pårørende i § 107 a. En eventuell endring kan skje ved at § 107 a får et nytt annet ledd første punktum, som kan lyde:

'I saker hvor noen under 18 år er død som følge av en straffbar handling, har den fornærla foreldre rett til hjelp fra advokat dersom de ønsker det.'

Nåværende § 107 b fjerde punktum kan flyttes til § 107 a, og blir i tilfelle nytt annet ledd annet punktum. Innledningen må endres, og kan lyde slik:

'I andre tilfeller som nevnt i første ledd hvor den fornærla er død eller av andre grunner ikke er i stand til å begjære oppnevnt advokat, kan retten i særlege tilfelle oppnevne advokat til å vareta hensynet til fornærla og fornærlas nærmeste.'

Nåværende annet og tredje ledd blir i tilfelle tredje og fjerde ledd
(...)

Det er et spørsmål om ikke også overskriften i kapittel 9 a bør endres. Kapitteloverskriften lyder i dag slik: 'Fornærlenes rett til advokat'. 'Advokat for fornærla eller pårørende' vil synliggjøre at også de pårørende kan ha rett til bistandsadvokat. Et argument mot en slik endring kan være at overskriften kan gi inntrykk av at pårørende flest har en mer omfattende rett til bistandsadvokat enn tilfellet er.»

6.2.2.3 Høyningsinstansane sitt syn

Mest alle dei høyningsinstansane som er generelt positive til at pårørende får nye rettar i straffesaker (sjå punkt 4.3), støttar med reine ord framleggset om å gje dei pårørende ein utvida og absolutt rett til advokat.

Dei fleste sluttar seg òg til departementet si grunngjeving. Til dømes uttalar *Politidirektoratet*:

«Når et barn er død som følge av en straffbar handling, påføres foreldrene stor sorg, smerte og sinne. I de fleste tilfeller vil nok foreldrene føle et sterkt behov for å la seg bistå av en advokat i forbindelse med saken. Foreldrene vil som oftest ha behov for hjelp og støtte fra en bistandsadvokat uavhengig av om det blir fremsatt erstatningskrav eller den avdødes ettermæle vil bli skadet. Adgangen til å la seg bistå av en advokat bør heller ikke være avhengig av om foreldrene har økonomisk mulighet til å la seg bistå eller ikke. Her bør de samme regler gjelde som fornærla selv.»

Politiets fellesforbund peikar særleg på at domstolen kan verke framand for dei pårørende:

«Manglende språk- og systemforståelse innenfor domstolens virke, kan ytterligere forsterke en emosjonelt belastende situasjon for pårørende.»

Berre *Trøndelag statsadvokatembete* går imot framleggset om endringar:

«Domstolen er gitt en skjønnsmessig adgang til å oppnevne bistandsadvokat til pårørende. Den-

ne praktiseres slik i dag at pårørendes erstatningskrav er nok til å oppnevne bistandsadvokat. En antar derved at behovet er dekket med denne adgangen.»

Trondheim tingrett er i tvil om retten til advokat bør utvidast og uttalar:

«Spørsmål om utvidelse av pårørendes rett til bistandsadvokat er både et politisk spørsmål (økonomi) og blant annet et spørsmål om hvordan dette vil påvirke prosessen. Det er tingrettsens oppfatning at pårørende i visse alvorlige saker bare bør ha en slik rett dersom det foreligger rettslig interesse i forhold til andre krav enn straffekrav og inndragning til fordel for staten, og uavhengig av om vilkårene for fri rettshjelp foreligger... Utgangspunktet er at aktor vil fungere som 'prosessfullmektig' i forhold til slike krav, slik at det normalt ikke bør være behov for egen prosessfullmektig. I den forbindelse bør det innskjerpes at påtalemyndigheten i langt større utstrekning enn det som praktiseres, bør ha fokus på sin rolle som 'prosessfullmektig' i forhold til disse kravene.»

Dei fleste høyTINGSinstansane synest òg å støtte departementet sitt forslag til *lovteknisk utforming*.

Politimesteren i Agder ynskjer på si side ei anna overskrift i kapittel 9 a:

«Et mulig alternativ i relasjon til de problemene som påpekes kan være følgende tekst: 'Fornærmede eller fornærmedes nærmeste etterlates rett til advokat'.»

Politiembetsmennenes Landsforening meiner kapitteloverskrifta ikkje bør endrast. *Barneombodet* ynskjer fleire endringar:

«Barneombudet mener videre at endringen må gjøres konsekvent gjennom hele kapittel 9a. Der det i dag står 'fornærmede' i lovteksten, må etter lovendringen lyde 'fornærmede eller pårørende(s advokat)'.»

Krisesentersekretariatet tek opp eit anna spørsmål og foreslår at bustadstilknytinga i straffeprosesslova § 107 d skal fjernast:

«Bistandsadvokater skal kunne velges fritt på linje med forsvarer. Saker hvor bistandsadvokater kan oppnevnes er av en slik karakter at det er av den største viktighet for fornærmede og eventuelt pårørende at de har full tillit til, og kommuniserer bra med den advokat som skal bistå i saken.»

6.2.2.4 Departementet sitt syn no

Departementet foreslår at dei pårørende som framlegga i denne proposisjonen gjeld, får ein rett til bi-

standsadvokat dersom dei ynskjer det, og viser til grunngjevinga i høyTINGSnotatet. Høyringa har synt at det er brei støtte til framlegget.

Framlegget inneber at desse pårørende får rett til advokat i alle saker der barn og unge er døde som følgje av ei straffbar handling.

Dei pårørende som framlegget gjeld, får såleis same rett som ein fornærma i saker om seksuallov-brot og i saker om besøksforbod, jf. straffeprosesslova § 107 a første ledd første punktum og andre ledd første punktum.

Til opplysinga frå Trøndelag statsadvokatembete om at retten i praksis alltid nemner opp bistandsadvokat når pårørende fremjar krav på skadebot, vil departementet peike på at det ligg ei grense i «særlege tilfelle» .

I alle høve bør det gå klårt fram av lovteksta at dei pårørende har eit rettskrav på å få nemnt opp advokat. I tillegg bør ikkje retten til advokat vere knytt til om dei pårørende har fremja borgarlege rettskrav eller ikkje. Nokre pårørende vel ikkje å setje fram slikt krav, eller kravet er kan hende ikkje tema i ei ankesak.

Departementet foreslår at den regelen som følger av gjeldande § 107 b fjerde ledd første punktum førast vidare for andre tilfelle enn dei det nye framlegget gjeld for. Departementet ynskjer såleis at retten framleis skal kunne nemne opp advokat for å take i vare dei ideelle interessene som er knytt til den avlidne sitt minne og den fornærma sine næreste. Retten kan til dømes nemne opp advokat mot foreldra sitt ynskje av omsyn til den avlidne sitt ettermæle. Og personkrinsen er ikkje den same i dei to reglane: Uttrykket «fornærmedes nærmeste» kan til dømes omfatte den avlidne sin sambuar, jf. Rt. 2000 side 1399. Endeleg gjeld den vidareførte regelen når den avlidne var fylt 18 år og ikkje fell inn under unnataket om høgre alder, eller når den fornærma er i live, men er ute av stand til sjølv å be om bistandsadvokat.

Framlegget reiser spørsmål i forhold til målet om hurtigare handsaming av straffesaker, sjå kapittel 8.

Departementet held i hovudsak fast på framlegget om den lovtekniske utforminga frå høyTINGSnotatet.

Departementet ynskjer dimed å samle reglane om rett til bistandsadvokat for den fornærma og for foreldra til barn som er døde ved ei straffbar handling, i straffeprosesslova § 107 a og viser til at ei slik samling har fått brei støtte i høyringa.

Det har vore ulike syn blant høyTINGSinstansane på om, og korleis, kapitteloverskrifta bør endrast. Og Barneombodet har foreslått at dei andre paragrafane i kapitlet endrast på same viset.

Om lov om endringar i lov 21. juli 1916 nr. 2 om vidners og sakkyndiges godtgjørelse m.v. og i straffeprosesslova

Departementet har på denne bakgrunnen vurdert om framlegget til endring i § 107 a bør få lovetekniske konsekvensar for kapitteloverskrifta og dei andre paragrafane i kapitlet.

Departementet har kome til at kapitteloverskrifta bør endrast for å gje eit betre bilet av kva kapitlet handlar om, men finn at dei pårørende ikkje bør nemnast særskilt. Det kjem dels av at det kan gje eit inntrykk av at dei pårørende har ein større rett til advokat enn det tilfellet er, og dels av at kapitlet òg gjeld rett til advokat for den eit besøksforbod skal verne. Departementet foreslår i staden å føye til «mv.» i overskrifta.

Departementet finn det noko tungvint å endre alle reglane i kapitlet som kan gjelde dei pårørende, slik Barneombodet ber om. I staden gjer departementet framlegg om ein generell regel som seier at dei andre reglane i kapitlet skal gjelde tilsvarande for ein advokat for dei pårørende, sjá framlegget til ny § 107 a andre ledd femte punktum i straffeprosesslova og merknaden til føresegna.

6.2.3 Underretning til foreldre

6.2.3.1 Gjeldande rett

Pårørende har i utgangspunktet ikkje den same retten til underretning som den fornærma har etter straffeprosesslova:

Etter § 264 a første ledd, jf. påtaleinstruksen § 25–8, skal påtalemakta underrette den fornærma om at tiltale er teken ut i saka.

Vidare skal ein fornærma som har meldt forholdet, underrettast om at ei sak er lagd bort, jf. påtaleinstruksen § 17–2 første ledd, og om at det er gjeve påtaleunnlating, jf. påtaleinstruksen § 18–5 første ledd. Denne retten til å bli underretta om påtalevedtaka har òg andre som har meldt forholdet og som har rettsleg klageinteresse.

I dei tilfella der den fornærma sine pårørende samstundes må reknast som «andre skadelidte» etter straffeprosesslova § 3 fjerde ledd, har vedkomande same retten som den fornærma når underretninga har noko å seie for moglegheita til å fremje krav i saka, sjá punkt 6.2.1.

6.2.3.2 Høyningsnotatet

Departementet bad i høyningsnotatet om høyningsinstansane sitt syn på om påtalemakta bør påleggjast å underrette foreldre til barn under 18 år som er døde ved ei straffbar handling om at det er teke ut tiltale, gjeve påtaleunnlating, eller at saka er lagd bort. Departementet grunngav framlegget slik (høyningsnotatet side 8):

«Foreldre til barn under 18 år kan ha behov for å holde seg orientert, jf. ovenfor. Dette hensynet taler for å underrette disse pårørende om enkelte påtalevedtak. Et slikt tiltak vil kreve få ressurser, samtidig som informasjonen kan ha stor betydning for de pårørende.»

6.2.3.3 Høyningsinstansane sitt syn

Mest alle dei høyningsinstansane som er generelt positive til at pårørende får nye rettar i straffesaker (sjá punkt 4.3), støttar med reine ord framlegget om at pårørende skal bli underretta om somme påtalevedtak.

Barneombodet uttalar til dømes:

«Departementets spørsmål om påtalemyndighetens plikt til å informere den fornærmede om tiltale, henleggelse og påtaleunnlatelse også bør gjelde for pårørende, besvares med et ubetinget ja. Dersom vi først skal styrke denne gruppens rettigheter ved rett til bistandsadvokat og godt gjørelse for å følge straffesaken, vil det bli helt galt ikke å innrømme dem de naturlige og selv-følgelige rettigheter som nevnes her.»

Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane statsadvokatembete seier det slik:

«Behovet for foreldre for å bli kjent med påtalevedtak når et barn er død etter en straffbar handling er helt åpenbart. Slik underretning bør pålegges.»

KrFU, som i likhet med *Kripo* ikke ønsker å gi pårørende ytterligere rettigheter, uttalar på si side:

«KrFU er opptatt av at reglene i straffeprosessen bygger opp under ideologiske prinsipper som prevensjon og rehabilitering. Straffeprosessen må ikke gi legitimitet til hevn- og gjengjeldelsesmotivet som straffegrunn. . . .

Forslagene om [...] underrettelse om påtalevedtak innebærer nettopp en tilrettelegging for en slik privat straffeforfølgning. Vi er derfor skeptiske til disse forslagene.»

Agder politidistrikt går imot underretning på eit anna grunnlag:

«Som følge av at vi foreslår at pårørende automatisk får oppnevnt bistandsadvokat i de defnerte sakene, bør det ikke gis pålegg om utvidet underretningsplikt til pårørende om de påtalevedtak som fattes underveis i saksbehandlingen. Her vil bistandsadvokatene bli underrettet, og deres oppgave blir da bl.a. å gi videre orientering til de pårørende.»

Øg *Politidirektoratet* meiner underretning til bistandsadvokaten er nok.

6.2.3.4 Departementet sitt syn no

Høyingsrunda har styrkt departementet i synet på at påtalemakta bør påleggjast å underrette foreldre til barn under 18 år som er død som følge av ei straffbar handling om at det er teke ut tiltale, at saka er lagd bort eller at det er gjeve påtaleunnlating. Ein slik rett bør desse pårørande ha uavhengig av om dei fremjar borgarlege krav i saka, jf. punkt 6.2.1, av di ei økonomisk interesse i saka ikkje bør vere avgjerande. Departementet er under arbeidet blitt gjort kjent med at heller ikkje alle som kan ha rett til underretning i kraft av å ha borgarlege rettskrav, blir underretta. Det kan difor vere naudsynt å synleggjere foreldra sine rettar på området. Ein klår underretningsplikt vil krevje få ressursar, samstundes som retten til informasjon kan ha mykje å seie for dei pårørande. Framlegget har likevel ei side til målet om hurtigare handsaming av straffesaker, sjå kapittel 8.

Blir framlegget om å gje foreldre ein rett til bistandsadvokat vedteke, vil bistandsadvokaten etter gjeldande reglar bli orientert om påtalevedtaka, jf. påtaleinstruksen §§ 17–2 og 18–5, samt straffeprosesslova § 264 a tredje ledd jf. påtaleinstruksen § 25–7. Departementet er difor eit stykke på veg samd med dei høyingsinstansane som peikar på at det ikkje er naudsynt òg å underrette dei pårørande. Departementet finn det likevel mest naturleg at påtalemakta påleggjast å underrette foreldra på same vis som den fornærma. For det første kan det tenkjast saker der dei pårørande vel ikkje å nytte seg av retten til å ha advokat. For det andre kan det vere viktig for dei pårørande å få underretning direkte, og så tidleg som mogleg.

Departementet viser elles til forslaget til endring i straffeprosesslova § 264 a og merknaden til føresegna. Departementet vil sørge for naudsynte endringar i påtaleinstruksen om framlegget til lovendring blir vedteke.

6.2.4 Rett til dokumentinnsyn

6.2.4.1 Gjeldande rett

Dei pårørande har i utgangspunktet ikkje den same retten til dokumentinnsyn som den *fornærma* har etter straffeprosesslova: Den fornærma har for det første rett til innsyn i dokumenta under etterforskinga, uavhengig av om dokumenta er lagde fram for retten eller ikkje (straffeprosesslova § 242 første ledd første punktum), så framt innsyn kan skje utan skade eller fare for etterforskinga eller for ein tredjeperson. Etter påtaleinstruksen § 16–4 første ledd kan den fornærma og den som har fremja eit borgarleg krav i saka, få kopi av saksdokumenta under

etterforskinga så langt det er naudsynt for at vedkomande skal kunne take i vare interessene sine i saka, og det elles er rádeleg.

For det andre har den fornærma rett til dokumentinnsyn når det er teke ut tiltale, jf. straffeprosesslova § 264 a. Den fornærma skal opplystast om retten til dokumentinnsyn når han eller ho får underretning om at tiltale er teken ut, jf. punkt 6.2.3.1. Den fornærma skal få gjere seg kjend med dokumenta såframt det kan skje utan skade eller fare for handsaminga av saka for retten eller for ein tredjeperson. Og på dette stadiet i saka kan den fornærma få kopi av saksdokumenta, jf. påtaleinstruksen § 25–9 andre punktum. Føresegna nemner ikkje den som har fremja eit borgarleg krav.

For det tredje gir straffeprosesslova § 28 einskilde grupper rett til utskrift av rettsbøker og andre dokument i straffesaka. Utskrift kan krevjast av den fornærma og personar med rettsleg interesse i å få slik utskrift.

I dei tilfella der den fornærma sine pårørande, medrekna foreldra, må reknast som «andre skadelidte» etter straffeprosesslova § 3 fjerde ledd, står vedkomande i tilsvarande stilling som den fornærma i denne samanhengen når dokumentinnsyn har noko å seie for moglegheita til å fremje krav i saka. Departementet viser til drøftinga under punkt 6.2.1.

I andre tilfelle vil dei pårørande kunne reknast for å ha rettsleg interesse, men dei har ingen absolutt rett til å få utskrift av dokumenta i saka.

6.2.4.2 Høyingsnotatet

Departementet bad høyingsinstansane om å uttale seg om foreldre til barn under 18 år som er døde ved ei straffbar handling, bør få same rett til dokumentinnsyn som den fornærma og grunngav framlegget slik (høyingsnotatet side 7):

«Innsyn i dokumenter er grunnleggende for å kunne påvirke det som skjer under behandlingen av straffesaken, og kan minske en eventuell følelse av fremmedgjøring. Også foreldre til barn som er drept ved en straffbar handling, kan ha en interesse i å få innsyn i dokumentene. Å holde seg orientert om saken kan for eksempel være et ledd i å bearbeide tapet. Et mothensyn kan være merarbeid for de organene som behandler innsynsbegjæringene. Men siden det gjelder en liten gruppe pårørende, vil merarbeidet bli lite. Et annet mothensyn kan være hensynet til saken, partene eller tredjepersoner. Som det fremgår av de ulike reglene om dokumentinnsyn for den fornærmede, er ikke retten til innsyn ubegrenset. Det nevnte mothensynet vil dermed kunne bli ivaretatt gjennom unntaksregler.»

Om lov om endringar i lov 21. juli 1916 nr. 2 om vidners og sakkyndiges godtgjørelse m.v. og i straffeprosesslova

6.2.4.3 HøyTINGSinstansane sitt syn

Fleirtalet av dei høyTINGSinstansane som uttalar seg om spørsmålet, er samde i at dei pårørande bør få same rett til dokumentinnsyn som den fornærma har. Dette gjeld *Barne- og familieliedepartementet*, *Borgarting lagmannsrett* med tilslutning frå *Frostating lagmannsrett*, *riksadvokaten*, *Troms og Finnmark statsadvokatembete*, *Trøndelag statsadvokatembete*, *Politidirektoratet*, *Agder politidistrikt*, *Asker og Bærum politidistrikt*, *Gudbrandsdal politidistrikt*, *Romerike politidistrikt*, *Barneombodet*, *Likestillingsombodet*, *Den Norske Advokatforening*, *JURK*, *Kompetansesenter for voldsofferarbeid*, *Krisesentersekretariatet*, *KROM*, *Norsk Krisesenterforbund*, *Norsk Kvinnenesaksforening*, *Politiets Fellesforbund*, *Stine Sofies stiftelse* og *advokat Anne Kristine Bohinen*, med tilslutning frå *advokat Venil Katharina Thiis*, *advokat Anne Rita Meberg*, *advokat Hilde G. Guldbakke* og *advokat Marit Thorvaldsen*. HøyTINGSinstansane peikar på same argument som departementet gjorde i høyTINGSnotatet. Nokre framhevar at retten til innsyn ikkje gjeld uavkorta. Til dømes uttalar *riksadvokaten*:

«En legger til grunn at innsynsretten på vanlig måte kan begrenses, og i mange sammenhenger må begrenses av hensyn til etterforsknin- gen. Saker i den aktuelle kategorii tiltrekker seg gjerne stor medieinteresse, og dess flere som får tilgang til informasjonen jo større blir farene for lekkasjer av opplysninger som ikke burde kommet ut. I tillegg kommer at saken det er snakk [om] ofte vil være meget omfangsrike, og utarbeidet og redigert for et annet formål enn å informere de pårørende. En del informasjon er det kanskje heller ikke hensiktsmessig å gjøre kjent for de pårørende i den form de ligger i saken – i alle fall ikke like etter at handlingen har skjedd. Adgangen til å oppfylle dokumentinnsyn ved at informasjon formidles via politiet på en mer skånsom måte enn bare å se straffesaksdokumenter med fotomapper etc., bør derfor fremga av lovteksten, eller i alle fall av forarbeidene.»

Oslo politidistrikt peikar på mange av dei same forholda som riksadvokaten, men konkluderer slik:

«Oslo politidistrikt er på denne bakgrunn skeptisk til å gi de etterlatte en ubetinget rett til utskrift.»

Øg *Barne- og familieliedepartementet* er oppteke av den moglege påkjenningsa for dei pårørande:

«Et alternativ er at bistandsadvokaten først får innsyn i dokumentene og således kan forberede de etterlatte på hvilke opplysninger dokumentene vil inneholde. I en slik situasjon kan bistandsadvokaten eventuelt fraråde de etterlatte

å se alle dokumentene. En mulighet er også at det kan etableres rutiner ved de enkelte politikamrene som sikrer mot at etterlatte får tilgang på opplysninger, bilder osv. uten først å være forberedt. Det kan for eksempel vurderes om familievoldskoordinatorene kan ivareta en slik funksjon.»

Følgjande høyTINGSinstansar går imot å gje dei pårørande den same retten til dokumentinnsyn som den fornærma: *Barneombodet*, *Møre- og Romsdal statsadvokatembete*, *Norges Kvinnene- og familieforbund*, *Oslo statsadvokatembete*, *Politiembetsmenne-nes Landsforening* og *Trondheim tingrett*.

Norges Kvinnene- og familieforbund seier det slik:

«Det kan imidlertid tenkes at det foreligger slike momenter i saken som taler mot at foreldrene får innsyn i visse deler av saken. Det kan for eksempel gjelde særlig grufulle detaljer som politiet vurderer å være skadelig for de gjenlevendes psykiske helse på et gitt tidspunkt. Det bør derfor være opp til politiet – gjerne i samråd med behandelende lege og psykolog – hvordan og i hvilken grad innsynet bør skje. En ubetinget rett til dokumentinnsyn kan dermed være til skade for de pårørende.»

Barneombodet reiser følgjande spørsmål:

«I de saken som behandles her, vil en del av straffesakens dokumenter (kunne) inneholde obduksjonsrapporter, bilder fra åstedet etc. En bistandsadvokat kan komme til en konklusjon om at dette er noe de etterlatte bør skånes fra å få innsyn i, mens de etterlatte krever innsyn. Her vil det kunne oppstå en konflikt mellom bistandsadvokat som ønsker det beste for de etterlatte og de etterlatte som mener de har stort behov for å se og få vite. I denne anledning vil det kunne være til stor hjelp å få en profesjonell uttalelse, for eksempel fra en psykiatrisk sykepleier. Dersom bistandsadvokaten kommer til at denne hjelpen er uunngåelig og av stor betydning for de etterlatte, burde utgifter til den profesjonelle dekkes av det offentlige. Det bes om at departementet vurderer også dette i sitt vide-re arbeid.»

Møre og Romsdal, *Sogn og Fjordane statsadvokatembete* meiner unnataka ikkje er omfattande nok, og reiser òg spørsmål om teieplikt:

«For de som har avgitt en politiforklaring, eller samtykket i innhenting av legeerklæringer, vil det ofte være en belastning å vite at andre kan lese forklaringen eller legeerklaeringen. Innsyn for andre bør derfor begrenses mest mulig. Unntakene om skade for tredjemann (strpl. §§ 242 og 264 a) eller frykt for urettmessig bruk (påtaleinstruksen § 4–1) vil bare fange opp få til-

Om lov om endringar i lov 21. juli 1916 nr. 2 om vidners og sakkyndiges godtgjørelse m.v. og i straffeprosesslova

feller og ikke de tilfeller hvor innsyn føles som en belastning. Vi har i denne region eksempler på personlige opplysninger som er gjengitt i pressen og hvor kilden med sikkerhet er en som har benyttet seg av sin innsynsrett.

Dersom retten til innsyn skal utvides til flere personer, bør adgangen til å begrense hvilke dokumenter innsynet skal omfatte også utvides. En adgang til å pålegge taushetsplikt etter innsyn (slik vi har i forvaltningsloven § 13 b siste avsnitt) bør også vurderes.»

Kripos, som er generelt negativ til å gje dei pårørande fleire rettar, uttalar seg særskilt om retten til dokumentinnsyn:

«Hensynet til fornærmedes pårørende tilsier ikkje at man skal akseptere risikoen denne utvidelsen av innsynsretten representerer. Risikoen vil trolig være stor for at man kan få en uheldig spredning av viktige opplysninger.»

6.2.4.4 Departementet sitt syn no

Foreldre som samstundes reknast som «andre skadelidte» etter straffeprosesslova § 3 fjerde ledd, har i nokon mon ein rett til dokumentinnsyn på ulike stadium i saka (sjå drøftinga i punkt 6.2.1). Departementet har fått eit inntrykk av at denne moglegheita nyttast lite i praksis.

Departementet held fast ved framlegget om at foreldre bør få same retten til dokumentinnsyn som den fornærma har, og viser til grunngjevinga i høyringsnotatet. Departementet legg til at retten bør gjelde same om foreldra fremjar borgarlege rettskrav i saka eller ikkje. Og sjølv om dei fremjar slike krav, har departementet funne at det er naudsynt å klargjere retten til dokumentinnsyn for denne gruppa.

Departementet foreslår òg at ein advokat som blir nemnd opp for foreldra får same retten som ein fornærma sin advokat har til kopiar av dokument i saka. Foreldre som ikkje krev advokat, kan likevel ynskje å halde seg orienterte i saka.

Departementet er samd med mellom anna riksadvokaten og Oslo politidistrikt i at pårørande bør få innsyn på eit mest mogleg skånsamt vis. Departementet meiner likevel at dette omsynet kan ta kast i vare sjølv om foreldra har krav på innsyn. Politiet kan til dømes på førehand seie noko om dokumentet sitt innhald, og kan sjølv sagt etter omstenda rá foreldra frå å sjå nokre dokument. Men valet bør vere dei pårørande sitt.

Departementet er merksam på faren for spreiling av opplysningar til utedkomande. Slik departementet ser det, er dette eit generelt spørsmål:

Problemstillinga er like aktuell med omsyn til den fornærma sin rett til innsyn, som gjeld i langt fleire saker enn dei framlegget her gjeld. Det vil difor ikkje bli noka stor endring frå i dag på dette punktet. Departementet vil dessutan peike på at faren for spreiling reduserast gjennom dei unnataka som kan gjerast i retten til innsyn.

Departementet viser til framlegg til endringar i straffeprosesslova §§ 28, 242 og 264 a og til merknadene til føresegnene.

Framlegget reiser spørsmål i forhold til målet om hurtigare handsaming av straffesaker, som blir omtala i punkt 8.

6.2.5 Rett til å klage på påtalevedtak

6.2.5.1 Gjeldande rett

Etter straffeprosesslova § 59 a andre ledd første punktum nr. 2 kan den som har rettsleg klageinteresse, klage på påtalevedtak. Rettsleg klageinteresse har mellom anna den fornærma og andre skadelidne ved den straffbare handlinga, jf. § 3 fjerde ledd.

Om pårørande som ikkje samstundes er skadelidne i straffeprosesslova si meinings, kan ha rettsleg klageinteresse, er ikkje drøfta i forarbeida eller i litteraturen. Departementet kjenner heller ikkje til relevant rettspraksis.

I forarbeida til straffeprosesslova § 59 a heiter det om forståinga av omgrepene «rettslig klageinteresse»:

«Begrepet rettslig klageinteresse må forstås på samme måte som etter forvaltningsloven § 28 første ledd, jf. tvistemålsloven § 54. Departementet legger til grunn at praksis som har utviklet seg omkring disse bestemmelsene, vil kunne anvendes ved vurderingen av om en person har klagerett over et påtalevedtak.

(...)

Begrepet rettslig klageinteresse kan bl.a. gi klagerett til fornærmede og andre som direkte har lidt skade ved den handling som påtalevedtaket gjelder.»

Etter tvistemålslova må det vurderast om vedkomande har ei reell og rimeleg interesse i at forholdet prøvast. Det kan vere naturleg å seie at foreldra til barn som er døde som følgje av ei straffbar handling, har ei slik reell og rimeleg interesse av å kunne påklage påtalevedtak.

Ved tolkinga av omgrepene «rettslig klageinteresse» i straffeprosesslova § 59 a andre ledd første punktum nr. 2, er det òg naturleg å sjå hen til kven som har kompetanse til å krevje påtale, jf. straffelova § 78. Her er mellom anna slektingar i same line nemnde.

Om lov om endringar i lov 21. juli 1916 nr. 2 om vidners og sakkyndiges godtgjørelse m.v. og i straffeprosesslova

6.2.5.2 Høyingsnotatet

Departementet la til grunn at mellom anna foreldra til barn som er døde som følgje av ei straffbar handling, truleg allereie har «rettsleg klageinteresse» i straffeprosesslova § 59 a si mening, og dimed har rett til å klage på påtalevedtak.

I tillegg uttala departementet dette om praktiseringa av regelen (høyingsnotatet side 9):

«Departementet kjenner ikke til at foreldre til barn under 18 år som er drept ved en straffbar handling, er blitt nektet klagebehandling. Etter det departementet har fått opplyst fra riksadvokatembetet, gir ikke praktiseringen av reglene grunn til å foreslå lovendringer.»

Departementet gjorde ikkje framlegg om endring, men ba likevel om høyingsinstansane sitt syn.

6.2.5.3 Høyingsinstansane sitt syn

Åtte instansar støttar departementet i at lova ikkje trengst å endrast. Desse er *Trondheim tingrett, riksadvokaten, Oslo statsadvokatembete, Politidirektoratet, Agder politidistrikt, Oslo politidistrikt, Romerike politidistrikt og Politiembetsmennenes Landsforening. Riksadvokaten* uttalar:

«Spørsmålet om de pårørende skal anses å ha klagerett har så vidt vites ikke voldt problemer i praksis, selv om de strengt tatt ikke alltid vil ha rettslig klageinteresse. Riksadvokaten er således enig med departementet i at det neppe er behov for lovendring på dette punkt.»

Fire høyingsinstansar meiner at det bør klårjera at pårørende kan ha rettsleg klageinteresse. Det gjeld *Barne- og familiedepartementet, Barneombodet, Den Norske Advokatforening og Krisesentersekretariatet. Barne- og familiedepartementet* uttalar:

«Når det gjelder spørsmålet om rettslig klageinteresse for etterlatte fremhever Justisdepartementet at det ikke er behov for lovendring. Barne- og familiedepartementet vil likevel foreslå endring av § 59 a slik at det klart fremgår at også etterlatte har klagerett i disse sakene. Selv om problemstillingen i praksis ikke har reist problemer, vil en lovendring på dette punkt tydeliggjøre etterlates klagerett og dermed ivareta rettspedagogiske hensyn. En unngår videre at det reises tvil om fortolkningen av § 59 a slik den i dag lyder. Alternativt bør denne retten klart fremgå av lovens forarbeider.»

6.2.5.4 Departementet sitt syn no

Høyringa har styrkt departementet i synet på at det ikkje er naudsynt å gjere framlegg om endringar i straffeprosesslova § 59 a.

Departementet er samd med Barne- og familiedepartementet i at rettspedagogiske grunnar kan tale for ei presisering. Departementet sine andre framlegg i proposisjonen her er eit stykke på veg grunna i eit ynske om synleggjering, så omsynet til heilskap kunne òg tale for ei klårgjering. Departementet held likevel fast ved at det i alle fall ikkje no er naudsynt med ei lovendring på dette punktet, og har særleg lagt vekt på to forhold. For det første forstår departementet straffeprosesslova § 59 a andre ledd første punktum nr. 2 slik at dei pårørande som denne proposisjonen tek føre seg, truleg vil vere omfatta av omgrepene «rettslig klageinteresse». Retten til å påklage påtalevedtak har såleis eit klårare fundament enn dei rettane det elles er tale om å synleggjere i proposisjonen her. For det andre vil ei endring av straffeprosesslova § 59 a andre ledd nr. 2 på dette punktet, til dømes ved at desse pårørande blir særleg nemnde, reise spørsmål om ikkje òg dei fornærma bør nemnast særskilt. Det blir i så fall eit spørsmål utvalet som skal sjå på den fornærma si stilling, kan take nærmare føre seg.

6.2.6 Moglegheit til å påleggje den sikta eller andre å forlate rettssalen når den pårørende blir avhøyrd som vitne

6.2.6.1 Gjeldande rett

Retten kan avgjere at den sikta/tiltalte skal forlate rettssalen medan eit vitne blir avhøyrt, dersom det er særleg grunn til å frykte at forklaringa elles ikkje vil bli gjeven utan etterhald, jf. straffeprosesslova § 245 første ledd første punktum (etterforskningsstadiet) og § 284 første ledd første punktum (hovedforhandlinga). Denne regelen gjeld òg for den fornærma sine pårørende som gir vitneforklaring.

Ved avhøy av den fornærma, kan retten avgjere at den sikta/tiltalte eller andre skal forlate rettssalen òg om særlege grunnar gjer at omsynet til den fornærma tilseier det, jf. straffeprosesslova § 245 første ledd fjerde punktum og § 284 første ledd femte punktum. Desse reglane kom inn i straffeprosesslova ved lov 1. juli 1994 nr. 50. Grunngjevinga var at det kan vere ei stor påkjenning for den fornærma å forklare seg med den sikta/tiltalte til stades.

«Særlege grunner» kan vere den fornærma sitt forhold til gjerningspersonen, den fornærma sin alder, arten på overgrepene, eller den fornærma sin psykiske situasjon. Retten må avgjere spørsmålet ut frå eit konkret skjøn, der òg omsynet til den sikta må tilleggjast vekt. Etter forarbeida er det ikkje nok at den fornærma sjølv ynskjer å gje forklaring utan at den sikta er til stades, og det må krevjast meir enn at den fornærma føler seg i ulag ved dette, jf. Ot.prp. nr. 33 (1993–94) s. 51.

Når den fornærma sine pårørende må reknast som «andre skadelidte» etter straffeprosesslova § 3 fjerde ledd, står vedkomande i same stilling som den fornærma så langt det at den sikta eller andre forlèt rettssalen har noko å seie for den pårørende si moglegheit til å fremje borgarlege rettskrav i straffesaka. Departementet viser til drøftinga i punkt 6.2.1.

6.2.6.2 Høyningsnotatet

I høyningsnotatet blei høyningsinstansane bedne om å uttale seg om straffeprosesslova § 245 og § 284 bør endrast (høyningsnotatet side 10):

«..., slik at retten gis adgang til å pålegge den siktede eller andre å forlate rettssalen når foreldre til barn under 18 år som er drept ved en straffbar handling, forklarer seg – selv om det er grunn til å tro at vitnet uansett vil gi en uforbeholden forklaring. Departementet antar at denne gruppen pårørende kan oppleve det belastende å avggi forklaring med den siktede/tiltalte til stede, og at de forhold som forarbeidene nevner som 'særlege grunner' for fornærmede, antakelig vil være relevante også for disse pårørende. Hensynet til de pårørende må imidlertid veies mot siktedes krav på et effektivt forsvar.»

6.2.6.3 Høyningsinstansane sitt syn

De fleste høyningsinstansane meiner at moglegheit til å påleggje den sikta eller andre å forlate rettssalen når foreldra til barn under 18 år som er døde som følgje av ei straffbar handling, vitnar, bør vere den same som for den fornærma. Dette gjeld *Barne- og familiedepartementet, Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane statsadvokatembete* (på vilkår av at lyd og bilet fra vitneforklaringsa overførast til eit rom der den tiltalte er), *Asker og Bærum politidistrikt, Gudbrandsdal politidistrikt, Romerike politidistrikt, Barneombodet, Likestillingsombodet, Den norske Advokatforening, JURK, Kompetansesenter for voldsofferarbeid*, ein del av *KROM, Norges Kvinne- og familielobby* og *Politiets Felles forbund*.

Tre instansar er meir skeptiske, men godtek ei slik ordning så lenge forklaringa ikkje gjeld skyldspørsmålet. Desse er *riksadvokaten, Oslo statsadvokatembete* og *Oslo politidistrikt. Oslo statsadvokatembete* uttalar:

«I de tilfeller der forklaringen er vesentlig for avgjørelsen av skyldspørsmålet, bør den tiltalte i utgangspunktet ha adgang til å være til stede når den avgis. I mange tilfeller er slike forklaringar perifere i forhold til avgjørelsen av skyldspørsmålet, og da er betenkelskapene mindre. Selv om vi i utgangspunktet er skeptiske til for-

slaget, går vi ikke imot det. Det forutsettes at domstolen avgjør spørsmålet etter et konkret skjønn.»

Høyningsinstansane *Borgarting lagmannsrett* med tilslutning frå *Frostating, Trondheim tingrett, Agder politidistrikt, Krisesentersekretariatet*, deler av *KROM* og *Politiembetsmennenes Landsforening* ynskjer inga lovendring. *Agder politidistrikt* grunngjev synet sitt med at det gjeldande unnataket «særlege grunner» er tilstrekkeleg. *Borgarting lagmannsrett* og *Krisesentersekretariatet* peikar på at omsynet til den tiltalte bør vege tyngst. *Borgarting lagmannsrett* seier det slik:

«Tiltaltes rett til å følge egen sak er så sentral at det bør utvises den største forsiktighet med å uthule den.»

6.2.6.4 Departementet sitt syn no

Pårørende som samstundes må reknast som «andre skadelidte» etter straffeprosesslova § 3 fjerde ledd, kjem etter ordlyden allereie inn under straffeprosesslova §§ 245 og 284. Men dette gjeld berre så langt det å vise bort den sikta eller andre medan den pårørende blir avhøyd, har noko å seie for den pårørende si moglegheit til å fremje borgarlege rettskrav i straffesaka (sjå punkt 6.2.1). Grunngjevinga for å påleggje den sikta eller andre å forlate rettssalen, er omsynet til den som blir avhøyd. Pårørende som har fremja borgarlege rettskrav, kjem difor ikkje utan vidare inn under denne føresegna.

I alle høve meiner departementet at det ikkje bør vere eit krav at dei pårørende fremjar borgarlege rettskrav for å kome inn under desse reglane.

Departementet er samd i at omsynet til kontraktionsveg tungt, slik somme høyningsinstansar peikar på. På den andre sida er det tale om ein «kan-regel» som domstolane må handheve med fornuft. Departementet har kome til at det bør gjerast framlegg om endringar i §§ 245 og 284, og har lagt avgjera vekt på omsynet til dei pårørende. Departementet viser til framlegg om endringar i straffeprosesslova §§ 245 og 284, og til merknadene til paragrafane. Blir endringane vedtekne, må påtaleinstrukturen endrast. Departementet vil syte for dei naudsynte endringane i instrukturen.

Departementet har elles merka seg høyningsfråsegene om at den tiltalte bør høyre forklaringa – direkte – i eit anna rom. Dette opnar første ledd siste punktum for.

6.2.7 Andre rettar?

Departementet har vurdert om og andre rettar bør synleggjera eller utvidast, til dømes om det bør gå

Om lov om endringar i lov 21. juli 1916 nr. 2 om vidners og sakkyndiges godtgjørelse m.v. og i straffeprosesslova

uttrykkjeleg fram av straffeprosesslova § 236 andre punktum at øg foreldre til barn som er drepne skal gjerast kjende med moglegheita til å fremje krav i samband med straffesaka. Departementet meiner

det ikkje trengst noka presisering i lova, sidan påtaleinstruksen § 8–7 andre ledd tredje punktum pålegg påtalemakta ei plikt til å opplyse om dette.

7 Forholdet til utvida rettar for den fornærma

Departementet ba i høyringsnotatet på side 10 høyringsinstansane vurdere om dei pårørande burde få same eller nokre av dei rettane dei fornærma får – på vilkår av at dei fornærma skulle få utvida rettar. Av di departementet har kome til at eit utval bør greie ut spørsmålet om ei styrking av den fornær-

ma si stilling nærare, finn ikkje departementet grunn til å gå inn på høyringsfråsegnene på dette punktet. Men fråsegnene vil vere ein del av det grunnlagsmaterialet utvalet skal leggje til grunn for arbeidet sitt, og utvalet vil òg bli bede om å vurdere dei pårørande si stilling.

8 Forholdet til målet om hurtigare handsaming av straffesaker

8.1 Innleiing

Det arbeidast for tida med å redusere tida det tar å handsame saker i alle ledd av straffeskjeda. Moglegheita for oppklåring av og domfelling i ei sak betrast ved ei rask handsaming. Vidare er det grunn til å tru at ei hurtig handsaming av straffesaker styrkar verknaden av straffa. Dette er av verdi både for samfunnet som heile og for den fornærma. Og ei raskare handsaming kan dempe påkjenninga for den fornærma og dei pårørande av di dei hurtigare kan leggje saka bak seg.

8.2 Høyningsnotatet

Departementet peika på at ynsket om nye rettar for mellom anna dei pårørande burde sjåast i samband med målet om hurtigare handsaming av straffesaker og uttala (høyningsnotatet side 10):

«Hvis den fornærmede eller de pårørende gis vidtgående deltagerrettigheter i straffesaken, er det fare for at prosessen forlenges og fordyres. Hensynene som taler for å sikre disse gruppene økte rettigheter bør derfor veies opp mot ulempene ved at straffesaken kan forlenges.»

8.3 Høyningsinstansane sitt syn

Mange høyningsinstansar har uttala seg om forholdet mellom framlegga i høyningsnotatet og målet om hurtigare handsaming av straffesaker. Problemstillinga blei reist generelt for spørsmål om nye rettar til dei fornærma og dei pårørande. Dei fleste instansane sondrar difor ikkje mellom konsekvensane av å gje dei pårørande og/eller dei fornærma nye rettar.

Ni høyningsinstansar uttalar at dei tiltaka som det er gjort framlegg om, ikkje vil forseinkje avvilklinga av straffesaker i vesentleg mon. Desse er: *Barne- og familiedepartementet, Borgarting lagmannsrett, Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane statsadvokatembete og advokat Anne Kristine Bohinen*, med tilslutning frå *advokat Venil Katharina Thiis, advokat Anne Rita Meberg, advokat Hilde G. Guldbakke og advokat Marit Thorvaldsen*. Advokat Bohinen uttalar til dømes:

Bohinens

«En rekke av forslagene innebærer kun at bistandsadvokat/fornærmede automatisk blir satt opp som kopiadressat, for eksempel for så vidt gjelder vedtak om henleggelse, ankefrist osv.»

Barneombodet, Kompetansesenter for voldsofferarbeid, Politiets Fellesforbund og Stine Sofies Stiftelse meiner at omsynet til ei hurtigare handsaming av straffesaker må vike for omsynet til dei pårørande.

Norges kvinne- og familieforbund meiner at i dei straffesakene det her er tale om, vil handsaminga ta lang tid same kva for stilling dei fornærma og pårørande har.

Asker og Bærum politidistrikt meiner at det er ein fare for at prosessen blir lengre og dyrare, men peikar på at det gjeld ei lita mengd saker som utgjer ei stor påkjenning for dei pårørande, og uttalar:

«I denne sammenhengen må faren for en forlenget/fordyret prosess etter vår oppfatning vike.»

Oslo statsadvokatembete uttalar:

«I forhold til rettigheter for enkelte pårørende, særleg spørsmålet om underretning og dokumentinnsyn, vil vi peke på at selv om mange forslag er gitt i den gode saks tjeneste, påføres politi og påtalemyndighet belastninger som samlet sett påvirker muligheten for en rask straffesaksbehandling i sin alminnelighet på en negativ måte.

Dette gjelder også i forhold til ulike lovendringer som er innført i de senere år. Politiet og påtalemyndighet er satt under et ikke ubetydelig press for å gjennomføre straffesaksbehandlingen raskere. Det er et spørsmål om det på den bakgrunn ikke er et behov for å gjennomgå straffeprosessloven for å se om man ikke heller bør søke forenklinger slik at politi og påtalemyndighet gis bedre muligheter til å gjennomføre målet om rask saksbehandling.»

8.4 Departementet sitt syn no

Departementet legg til grunn at framlegget om økonominisk godtgjersle til foreldre til barn under 18 år

Om lov om endringar i lov 21. juli 1916 nr. 2 om vidners og sakkyndiges godtgjørelse m.v. og i straffeprosesslova

som er døde som følgje av ei straffbar handling, ikkje påverkar handsaminga av straffesaka i nokon mon. Det er framlegga om endringar i straffeprosesslova som reiser spørsmål i forhold til målet om ei raskare handsaming av straffesaker.

Departementet trur ikkje framlegga til endringar i propositionen her vil seinke avviklinga av

straffesakene i særleg mon, og viser til at det òg er den rådande oppfatninga i høyringa. Framlegga er langt på veg ei synleggjering av eksisterande rettar, og forslaga gjeld ei svært lite mengd med saker.

I alle høve meiner departementet at omsynet til foreldra må vege tyngre enn omsynet til hurtigare handsaming av straffesaker i desse sakene.

9 Økonomiske og administrative konsekvensar

Dei endringane departementet gjer framlegg om, vil i første rekke gje konsekvensar for domstolane, politiet og påtalemakta.

Framlegget om at foreldra til barn som er døde som følgje av ei straffbar handling skal få dekt reiseutlegg og eventuelt tapt arbeidsforteneste som vitne når dei følgjer hovudforhandlinga i straffesaka (punkt 6.1), vil gje det offentlege auka kostnader. Ut frå statistikk for dei seinare åra legg departementet til grunn at talet på saker der barn og unge er døde som følgje av den straffbare handlinga ikkje overstig 10 (sjå punkt 3). Riksadvokaten har opplyst at det normalt setjast av 10 rettsdagar i saker om forsettleg drap, og truleg færre dagar når nokon er død som følgje av ei anna straffbar handling. Departementet har rekna med reiseutlegg på om lag kr. 500,- pr. sak pr. person, og hotelldøgn er satt til om lag kr. 900,- pr. person. For tapt arbeidsforteneste har departementet lagt til grunn ei gjennomsnittsløn som gjev ei inntekt på noko over 900 kr. pr. dag. På den bakgrunnen reknar departemen-

tet med at framlegget vil kunne gje det offentlege årlege auka utlegg i storleiken kr. 500.000 – 600.000. Men talet er uvisst sidan det ikkje finnast ei total oversikt over saker der barn og unge er døde som følgje av ei straffbar handling.

Når det gjeld framlegget om ei utviding av ordninga med bistandsadvokat (punkt 6.2.2), reknar departementet berre med at det vil ha små økonomiske og administrative konsekvensar. Departementet viser til at dei fleste foreldra som framlegget gjeld, allereie får advokat etter gjeldande rett.

Forslaga elles vil kunne føre til noko meir arbeid for politiet og påtalemakta. Framlegga er eit stykke på veg ei synleggjering av gjeldande rettar, så meirarbeidet blir ikkje så stort.

Departementet vil elles peike på at styrka rettar til denne gruppa pårørande kan gje mindre utlegg på andre område. Til dømes kan framlegget om auka innsyn, eller det at dei det gjeld ikkje får økonomiske utlegg av å følgje saka, gjøre sorgarbeidet noko lettare.

10 Merknader til lovutkastet

10.1 Merknader til endringar i lov 21. juli 1916 nr. 2 om vidners og sakkyndiges godtgjørelse m.v.

Til § 1 nytt andre ledd

Framlegget til *nytt andre ledd første punktum* inneber at den som hadde foreldreansvaret eller var verje til barn under 18 år som er død som følge av ei straffbar handling, har same krav på godtgjersle som vitne når han eller ho følger straffesaka, jf. første ledd. Omgrepet «den som hadde foreldreansvar» inneber at det er den eller dei som hadde foreldreansvar etter barnelova §§ 34–36 jf. §§ 38–39, som har rett til godtgjersle. Fosterforeldre fell utanfor omgrepet. Den som har foreldreansvaret, er òg barnet si verje, jf. verjemålslova § 3. Om ingen har foreldreansvar for barnet, blir alternativet «eller var verge for fornærmede» aktuelt. Bakgrunnen for at desse pårørande er valde, går fram av punkt 5.3.

Formuleringsa «død som følge av en straffbar handling» dekkjer brot på straffebod både i straffelova og i spesiallovgjevinga. Vanlegvis vil den straffbare handlinga vere eit brot på straffelova §§ 233 eller 239 (forsettleg eller aktlaust drap) eller brot på §§ 192, 195, 196, 228, 229 eller 231 (somme seksuallovbrot og lekamskrenking) når handlinga har hatt døden til følge. Men òg aktlaust bildrap etter vegtrafikklova § 3 – som ikkje samstundes inneber eit brot med § 239 om aktlaust drap – er eit døme på ei handling som kan gje rett til godtgjersle. Kravet om at døden må vere ei følge av den straffbare handlinga, inneber at tilfelle der nokon har vert utsett for ei straffbar handling og seinare dør av andre grunnar, ikkje omfattast av dette lovframlegget.

Framlegget til *nytt andre ledd andre punktum* inneber at òg saker der den avlidne var fylt 18 år, kan gje opphav til godtgjersle. Føresegna er eit unnatak frå framlegget til *nytt første punktum*, og gjeld berre når «særlege forhold» ligg føre. Departementet tenkjer i første rekke på tilfelle der den avlidne framleis budde heime hos foreldra. I andre tilfelle må nærlieken mellom foreldra og den avlidne vere særleg sterke. Eit døme på sterke tilknyting kan vere at barnet nyss har flytta frå foreldra. Departementet legg til grunn at unnataket sjeldan vil vere aktuelt når den avlidne var over 23 år.

For kravet på godtgjersle gjeld reglane i §§ 2–5, jf. § 7. Avgjerder om godtgjersle kan påkjærast eller påklagast etter reglane i § 12.

Bakgrunnen for framlegget er omtala i punkt 6.1.

10.2 Merknader til endringar i straffeprosesslova

Til § 28 første ledd

Føresegna er skrive noko om og delt inn i tre bokstavar (a til c), men berre bokstav b er ny. Bokstav a svarar til gjeldande første punktum og bokstav c svarar til andre punktum.

Framlegget inneber at den som hadde foreldreansvaret eller var verje til barn under 18 år som er død som følge av ei straffbar handling, har den same retten som den fornærma til utskrift av rettsbøker og andre dokument i straffesaka.

Av lovtekniske grunnar har departementet valt å definere kven som reknast som pårørande i føresegna om bistandsadvokat (§ 107 a). Der passar det etter departementet sitt syn best, mellom anna av di andre reglar om dei pårørande er gjevne der. For å sleppe å ta oppatt definisjonen i alle dei andre føresegna i straffeprosesslova som framlegget gjeld, har departementet valt i staden å vise til § 107 a andre ledd første og andre punktum i dei einskilde føresegna. Departementet viser difor til merknaden til § 107 andre ledd første og andre punktum.

Bakgrunnen for framlegget er omtala i punkt 6.2.4. Framlegget må sjåast i samanheng med framlegget til endringar i §§ 242 og 264 a.

Til kapittel 9 a

Framlegget inneber at kapitteloverskrifta omformulerast for betre å uttrykkje at fleire enn den fornærma kan ha rett til advokat. Av språklege grunnar er overskrifta omformulert, utan at andre endringar enn tilleggset «mv.» er tilsikta.

Sjå òg framlegget til § 107 a nytt andre ledd og punkt 6.2.2.4.

Om lov om endringar i lov 21. juli 1916 nr. 2 om vidners og sakkyndiges godtgjørelse m.v. og i straffeprosesslova

Til § 107 a nytt andre ledd

Framlegget til *nytt andre ledd første punktum* inneber at den som hadde foreldreansvaret eller var verje til barn under 18 år som er død som følge av ei straffbar handling, har same rett til advokat som mellom anna den fornærma i ei sak om seksuallovbrot har etter første ledd første punktum.

Sjå merknaden til endringa i § 1 i lova om godtgjersle til vitne og sakkunnige, jf. punkt 10.1, om kva som ligg i omgrepene «den som hadde foreldreansvar eller var verge», og kva som ligg i vilkåret «straffbar handling».

Etter framlegget er det eit krav at den fornærma var yngre enn 18 år då handlinga blei gjort, jf. likevel framlegget til *nytt andre ledd andre punktum*, som inneber eit unnatak frå 18-årsgrensa. Sjå merknaden til endringa i § 1 i lova om godtgjersle til vitne og sakkunnige, jf. punkt 10.1, om kva som ligg i omgrepene «særlege forhold». Bakgrunnen for forslaget er omtala i punkt 6.2.2.

Nytt andre ledd tredje punktum fører vidare noverande § 107 b fjerde ledd første punktum. Regelen er noko omformulert, men det er ikkje tilslikta noka endring av realiteten. Rettsspraksis knytt til den noverande regelen, er difor framleis relevant. Føresegna inneber mellom anna at retten kan nemne opp advokat mot foreldra sitt ynske av omsyn til ettermælet til den avlidne, sml. framlegget til *nytt andre ledd første og andre punktum*. Framlegget er nærmare omtala i punkt 6.2.2.4.

Nytt andre ledd fjerde punktum fører vidare noverande § 107 b fjerde ledd andre punktum.

Nytt andre ledd femte punktum slår fast at reglane elles i kapittel 9 a gjeld så langt dei passar. Det inneber mellom anna at advokat som nemnd i nytt andre ledd første og andre punktum, skal nemnast opp av retten, jf. § 107 b første ledd første punktum, og skal ha godtgjersle etter reglane i § 107 d.

Til § 107 b fjerde ledd

Departementet foreslår å oppheve føresegsna, av di den etter framlegget først vidare som *nytt andre ledd tredje og fjerde punktum*, jf. merknadene til endringane i § 107 a.

Til § 242 første ledd første punktum

Framlegget inneber at den som hadde foreldreansvaret eller var verje til barn under 18 år som er død som følge av ei straffbar handling, får den same retten som mellom anna den fornærma til å gjere seg kjend med dokumenta i saka, jf. første ledd første punktum.

Om visinga til § 107 andre ledd første og andre punktum, sjå merknaden til endringa i straffeprosesslova § 28.

Kva som ligg i dei ulike omgrepene, er omtala i merknaden til endringane i § 1 i lov om godtgjersle for vitne og sakkunnige, jf. punkt 10.1.

Bakgrunnen for framlegget er omtala i punkt 6.2.4.

Framlegget må sjåast i samanheng med framlegget om endringar i straffeprosesslova §§ 28 og 264 a.

Til § 245 første ledd nytt femte punktum

Ved avhøyr av den fornærma, eller av eit vitne under 18 år, kan retten fastsetje at den sikta eller andre skal forlate rettssalen om særlege grunnar gjer at omsynet til den fornærma eller vitnet tilseier det, jf. første ledd fjerde punktum. Føresegna gjeld sjølv om vitnet vil forklare seg utan etterhald med den sikta til stades. Framlegget her inneber at denne regelen blir utvida til å gjelde ved avhøyr av den som hadde foreldreansvar for eller var verje til barn under 18 år som er død som følge av ei straffbar handling.

Om visinga til § 107 andre ledd første og andre punktum, sjå merknaden til endringa i straffeprosesslova § 28.

Kva som ligg i dei ulike omgrepene, er omtala i merknaden til endringane i § 1 i lov om godtgjersle for vitne og sakkunnige, jf. punkt 10.1.

Bakgrunnen for framlegget er omtala i punkt 6.2.6.4.

Framlegget må sjåast i samanheng med framlegget til endring i straffeprosesslova § 284 som gjeld under hovudforhandlinga.

Til § 264 a nytt fjerde ledd

Framlegget inneber at dei gjeldande reglane om underretning og innsyn for den fornærma skal gjelde tilsvarende for einskilde pårørande.

Framlegget inneber for det første at påtalemakta påleggjast ei uttrykkjeleg plikt til å underrette den som hadde foreldreansvaret eller var verje til barn under 18 år som er død som følge av ei straffbar handling. Denne sida av framlegget er nærmare omtala i punkt 6.2.3.

For det andre inneber framlegget at den som hadde foreldreansvar for eller var verje til barn under 18 år som er død som følge av ei straffbar handling, får den same retten som den fornærma mv. til å gjere seg kjend med dokumenta i saka, jf. andre og tredje ledd. Bakgrunnen for den delen av framlegget er omtala i punkt 6.2.4.

For det tredje inneber framlegget at ein advokat som er nemnd opp for den pårørande etter § 107 a, får den same retten til kopiar av dokument i saka som ein advokat for ein fornærma har. Sjå punkt 6.2.4.4.

Om visinga til § 107 andre ledd første og andre punktum, sjå merknaden til endringa i straffeprosesslova § 28.

Kva som ligg i dei ulike omgrepene, er omtala i merknaden til endringane i § 1 i lov om godtgjersle for vitne og sakkunnige, jf. punkt 10.1.

Framlegget må sjåast i samanheng med framlegget til endring i straffeprosesslova §§ 28 og 242.

Til 284 første ledd nytt sjette punktum

Ved avhøyr av den fornærma, eller av eit vitne under 18 år, kan retten fastsetje at den sikta eller andre skal forlate rettssalen om særlege grunnar gjer at omsynet til den fornærma eller vitnet tilseier det, jf. første ledd fjerde punktum. Føresegna gjeld sjølv om vitnet vil forklare seg utan etterhald med den sikta til stades. Framlegget her inneber at denne regelen blir utvida til å gjelde ved avhøyr også av den som hadde foreldreansvaret eller var verje til barn under 18 år som er død som følge av ei straffbar handling.

Om visinga til § 107 andre ledd første og andre punktum, sjå merknaden til endringa i straffeprosesslova § 28.

Kva som ligg i dei ulike omgrepene, er omtala i merknaden til endringane i § 1 i lov om godtgjersle for vitne og sakkunnige, jf. punkt 10.1.

Bakgrunnen for framlegget er omtala i punkt 6.2.6.4.

Framlegget må sjåast i samanheng med framlegget til endring i straffeprosesslova § 284 som gjeld på etterforskningsstadiet.

10.3 Merknader til føresegna om iverksetjing og overgangsreglar

10.3.1 Merknader til føresegna om iverksetjing

Nokre av framlegga til endringar i straffeprosesslova bør føljast opp med endringar i påtaleinstruksen. Departementet har difor gjort framlegg om at endringane trer i kraft når Kongen fastset det, slik at dei naudsynte endringane i påtaleinstruksen kan bli gjorde innan iverksetjinga av lova.

Før den utvida ordninga med godtgjersle til dei pårørande kan tre i kraft, kan det vere naudsynt med noka administrativ tilrettelegging.

Dei ulike føreseggnene kan difor etter framlegget setjast i kraft til ulik tid.

10.3.2 Merknader til overgangsreglane

Departementet gjer framlegg om at retten til bistandsadvokat gjeld når saka ikkje allereie er brakt inn for retten når føresegna trer i kraft. Det er etter departementets syn eit naturleg skjeringspunkt.

Departementet foreslår at dei andre føresegne gjeld frå dei er sett i verk, også når saka allereie er brakt inn for retten. Årsaka er at rettane kan ha mykje å seie for dei pårørande, samstundes som departementet ikkje kan sjå at rettane vil skape problem for avviklinga av saka.

Dei pårørande som forslaga gjeld, får difor rett til godtgjersle frå iverksetjinga når dei følger retts-saka. Dei får også rett til innsyn, og retten får moglegheit til å påleggje den sikta eller andre å forlate rettssalen når foreldra forklarer seg. Føreseggnene får ikkje tilbakeverkande kraft, slik at til dømes retten til godtgjersle ikkje gjeld for dei dagane ei sak allereie har versert når føresegna trer i kraft.

Justis- og politidepartementet

til rår :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om endringar i lov 21. juli 1916 nr. 2 om vidners og sakkyndiges godtgjørelse m.v. og i straffeprosesslova.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringar i lov 21. juli 1916 nr. 2 om vidners og sakkyndiges godtgjørelse m.v. og i straffeprosesslova i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til lov om endringar i lov 21. juli 1916 nr. 2 om vidners og sakkyndiges godtgjørelse m.v. og i straffeprosesslova

I

I lov 21. juli 1916 nr. 2 om vidners og sakkyndiges godtgjørelse gjerast følgjande endringar:

§ 1 nytt andre ledd skal lyde:

I straffesaker hvor noen under 18 år er død som følge av en straffbar handling, har den som hadde foreldreansvar eller var verge for fornærmede og som følger hovedforhandlingen, krav på godtgjørelse som for vitner. Det samme gjelder dersom fornærmede hadde fylt 18 år på handlingstidspunktet og særlige forhold foreligger.

II

I lov 22. mai 1981 nr. 25 om rettergangsmåten i straffesaker (straffeprosesslova) gjerast følgjande endringar:

§ 28 første ledd skal lyde:

Utskrift av rettsbøker og andre dokumenter i en straffesak som retten har avsluttet behandlingen av, kan kreves av

- a) *den fornærmede,*
- b) *den som hadde foreldreansvar eller var verge for fornærmede i saker som nevnt i § 107 a annet ledd første og annet punktum, og*
- c) *enhver annen som det har rettslig interesse for.*

Kapittel 9 a skal lyde:

Kap 9 a. Rett til avdokat for den fornærmede mv.

§ 107 a nytt andre ledd skal lyde:

I saker hvor noen under 18 år er død som følge av en straffbar handling, har den som hadde foreldreansvar eller var verge for fornærmede, rett til hjelp fra advokat dersom han eller hun ønsker det. Det samme gjelder dersom fornærmede hadde fylt 18 år på handlingstidspunktet og særlige forhold foreligger. I andre tilfeller hvor den fornærmede er død eller av andre grunner ikke er i stand til å begjære advokat oppnevnt, kan retten i særlige tilfelle oppnevne advokat til å vareta hensynet til fornærmede og fornærmedes nærmeste. Er advokat oppnevnt og fornærmede dør før saken er avgjort, avgjør retten om oppnevningen

skal stå ved lag. Reglene i kapitlet her gjelder tilsvarende så langt de passer.

Gjeldande andre, tredje og fjerde ledd blir nye tredje, fjerde og femte ledd.

§ 107 b fjerde ledd blir oppheva.

§ 242 første ledd første punktum skal lyde:

Mistenkte, hans forsvarer, fornærmede og den som hadde foreldreansvar eller var verge for fornærmede i saker som nevnt i § 107 a annet ledd første og annet punktum skal på begjæring gis adgang til å gjøre seg kjent med sakens dokumenter såfremt det kan skje uten skade eller fare for etterforskingens øyemed eller for tredjemann.

§ 245 første ledd nytt femte punktum skal lyde:

Det samme gjelder ved avhør av den som hadde foreldreansvar eller var verge for fornærmede i saker som nevnt i § 107 a annet ledd første og annet punktum.

Gjeldande femte punktum blir nytt sjette punktum.

§ 264 a nytt fjerde ledd skal lyde:

Reglene i paragrafen her gjelder tilsvarende for den som hadde foreldreansvar eller var verge for fornærmede i saker som nevnt i § 107 a annet ledd første og annet punktum.

§ 284 første ledd nytt sjette punktum skal lyde:

Det samme gjelder ved avhør av den som hadde foreldreansvar eller var verge for fornærmede i saker som nevnt i § 107 a annet ledd første og annet punktum.

Gjeldande sjette punktum blir nytt sjuande punktum.

III

1. Lova trer i kraft frå den tid Kongen fastset. Dei einskilde føreseggnene i lova kan tre i kraft til ulik tid.
2. Føresegna om bistandsadvokat gjeld ikkje i saker som er brakt inn for retten når føresegna trer i kraft.